


2021

Språkrådet



Introduksjon til verksemda og hovudtal

Aktivitetar og resultat i 2021

Styring og kontroll i verksemda

Framtidsutsikter  
Årsrekneskap 2021

# Årets ord 2021: **sportsvaske**

2021 handla om meir enn koronaord som *TISK* og *antivaksar*. Nyheitene var òg prega av sportsvasking, og Språkrådet kåra *sportsvaske* til årets ord.



# Innhald

<b>DEL I</b>	<b>Ord frå leiinga</b>	<b>6</b>
<b>DEL II</b>	<b>Introduksjon til verksemda og hovudtal</b>	<b>8</b>
	Verksemda og samfunnsoppdraget	10
	Overordna mål	11
	Organisasjonen	12
	Nokre hovudtal	16
<b>DEL III</b>	<b>Aktivitetar og resultat i 2021</b>	<b>20</b>
	Utvalde høgdepunkt 2021	22
	Språkdagen 2021	27
	Språkstatus 2021: stoda før språklova	32
	Resultat i 2021	34
	Delmål 1	36
	Delmål 2	44
	Delmål 3	50
	Delmål 4	58
	Normeringsvedtak 2021	64
	Prisar og publikumsarrangement	66
	Internasjonalt samarbeid	68
	Kommunikasjon	70
<b>DEL IV</b>	<b>Styring og kontroll i verksemda</b>	<b>74</b>
	Overordna vurdering av styring og kontroll	76
	Nærmare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll	77
<b>DEL V</b>	<b>Framtidsutsikter</b>	<b>84</b>
<b>DEL VI</b>	<b>Årsrekneskap 2021</b>	<b>88</b>

# Observatoriegt. 1 B

Hovudkontoret  
til Språkrådet  
i Observatoriegata  
1 B i Oslo

# Ord frå leiinga

**I 2021 fekk Noreg endeleg ei eiga lov om språk. Språklova gjeld frå 1. januar 2022 og omfattar både norsk, samiske språk, norsk teiknspråk og minoritetsspråka kvensk, romanes og romani. I språklovsproposisjonen, som Kulturdepartementet sende til Stortinget i 2020, låg det òg konkrete tiltak som sektorane i det offentlege må setje i verk for å følgje opp språkpolitikken på sine område. Det er svært gledeleg!**

Språklova slår fast at norsk skal vere eit samfunnsberande språk og det nasjonale hovudspråket i Noreg, og at det offentlege har plikt til å bruke, utvikle og styrkje både bokmål og nynorsk. I lova blir det understreka at det offentlege har eit særskilt ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka av dei to norske skriftspråka. Då må alle offentlege organ ha den språkkompetansen dei treng, og dei må ha gode oppfølgingsplanar. Alle leiarar må ha eit klart ansvar for å følgje opp språkpolitikken.

Dessverre ser vi stadig døme på at offentlege organ prioriterer ned språkarbeid. Språkrådet skal samordne og sjå til at alle sektorar tek sin del av ansvaret for språket vårt, og vi legg vekt på å vise fram korleis systematisk språkarbeid kan gje offentlege verksemder betre omdømme, gjere dei meir effektive og styrkje den tilliten dei har hos innbyggjarane. Språkrådet har gjennom året laga rettleiingsmateriell om den nye lova, og vi har utvikla metodar for godt språkarbeid og språkressursar som skal gje offentlege organ hjelp til å publisere godt, korrekt og brukarretta språk.

Landet vårt har alltid vore fleirspråkleg. Den nye språklova formaliserer det ansvaret Noreg har for å verne og fremje dei norske mindretals- og minoritetsspråka og styrkje og utvikle dei samiske språka på linje med norsk. Likeverd mellom desse språka føreset at ansvaret blir lovfesta òg andre stader enn i språklova. Språkrådet har i 2021 levert eit omfattande høyringssvar om Kunnskapsdepartementets framlegg til ny opplæringslov. Opplæringslova er ikkje berre ei skulelov, ho er òg ei språklov, og ho må leggje til rette for at dei språklege rettane til elevane i grunnskule og vidaregåande opplæring blir oppfylte.

Året 2021 har som året før vore prega av koronapandemien. Språkrådet har vidareutvikla den digitale kompetansen og fått endå meir erfaring med å gjennomføre store arrangement på digitale plattformer. I november gjekk Språkdagen 2021 av stabelen som digital produksjon. Meir enn 2000 personar følgde direkteendinga, og vi fekk svært positive tilbakemeldingar på arrangementet. I 2021 hadde Språkrådet ansvaret for det 65. nordiske språkmøtet. Språkmøtet er ein

fellesnordisk konferanse i regi av Nettverket for språknemndene i Norden. Tema for språkmøtet i 2021 var språkteknologi i Norden. Også til dette arrangementet valde vi ein digital studioproduksjon. Det digitale formatet gjer at vi når svært mange, og vi vil ta med oss dei positive erfaringane vidare.

Med språklova får Språkrådet nye, viktige oppgåver. Til Språkrådets normeringsoppdrag blir det no etablert ei allmenn høyringsordning. I 2021 har retningslinjene for normeringa av bokmål og nynorsk vorte reviderte, og dei har vore til allmenn høyring. Interesse var stor, og det kom mange grundige og gode innspel frå ei rekkje høyringsinstansar. Styret i Språkrådet vedtok endelege reviderte retningslinjer i desember 2021.

Etterspurnaden etter faglege råd og interessa for Språkrådets rettleiingstenester og språkressursar har også i 2021 vore svært stor. Oppdraget vårt er omfattande, og ressursane er knappe. Delar av året har vi derfor måtta avgrense rådgjevingstenesta vår til å svare på førespurnader frå fagmiljø og profesjonelle aktørar. Vi manglar kapasitet til å svare på språkspørsmål frå interesserte språkbrukarar. Derfor må vi heile tida prioritere tiltak som har mest mogleg effekt, anten fordi vi på den måten når mange, eller fordi vi når profesjonelle språkbrukarar med stor innverknad på språkbruken til andre.



## Spørsmålet om vilkåra for norsk språk i høgare utdanning fekk stor plass i det offentlege ordskiftet i 2021.

Hausten 2021 har spørsmålet om vilkåra for norsk språk i sektoren for høgare utdanning fått stor plass i det offentlege ordskiftet. Språkrådet har gjennom mange år arbeidd med kartlegging, innhenting av kunnskap om og utvikling av metodar for god parallellspråkbruk i utdanningssektoren. Vi ser no at mange aktørar brukar kunnskapsressursane våre, og at råda våre om relevante tiltak for å betre balansen i bruken av norsk og engelsk blir lytta til. Ordskiftet om språk i academia gjeld kjernen i den nye språklova: å bruke, utvikle og styrkje norsk som det samfunnsberande språket i Noreg. Språket vårt skal gje innbyggjarane i Noreg tilgang til demokrati og rettstryggleik. Då må kunnskapssektoren ta det særlege ansvaret dei har for norsk fagspråk.



**Åse Wetås**  
direktør



**Erik Ulfsby**  
styreleiar

DEL II

# Introduksjon til verksemda og hovudtal



Språkrådet  
på sosiale medium:  
#seidetsomduer  
#mittfavorittord

# Verksemda og samfunnsoppdraget

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet har eige styre.

## Fullmakter og ansvarsområde

Språkrådet følgjer opp språkpolitiske mål og strategiar som er fastsette av regjeringa og Stortinget. Vedtektene seier at Språkrådet kan uttale seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener dei vedtekne språkpolitiske måla.

Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttale seg om spørsmål som andre statlege organ eller verksemdar legg fram for rådet.

Språkrådet representerer Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid.

Språkrådet har fullmakt til å gjere bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk i einskildsaker. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for Kultur- og likestillingsdepartementet til godkjenning.

Etter opplæringslova godkjenner Språkrådet ordlister og ordbøker til skulebruk.

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan.

Språkrådet administrerer norsk og kvensk stadnamnteneste og forvaltar ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn. Språkrådet har òg ansvar for den administrative forvaltninga av tilskot til språktiltak og språkorganisasjonar.

# Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkje norsk som fullverdig språk og sikre både det norskspråklege og det fleirspråklege mangfaldet.

Tildelingsbrevet for 2021 fastsette hovudmålet for Språkrådet til gjennom målretta aktivitetar å fremje statusen til norsk språk og bruken av norsk på utsette samfunnsområde. Tildelingsbrevet sette opp fire delmål for arbeidet i Språkrådet:

## 1

Innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møte og bruke eige/eigne språk, anten det er nynorsk, bokmål, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani eller romanes, til det beste for den einskilde og samfunnet.

## 2

Norsk skal vere eit fullverdig språk og skal brukast på alle samfunnsområde.

## 3

Språkpolitikken skal følgjast opp som eit sektorovergripande politikkområde.

## 4

Det skal vere god systematikk i forvaltning og tilsyn med lovverket på språkfeltet.

# Organisasjonen

## ○ Leiing

Styret har det øvste ansvaret for verksemda i Språkrådet. Styret er oppnemnt av Kultur- og likestillingsdepartementet. Erik Ulfsby er styreleiar.

## ○ Direktør

Direktør Åse Wetås har ansvar for den daglege leiinga av verksemda. I leiargruppa sit direktøren, leiarane for dei tre språkfagseksjonane og stabssjefen.

## ○ Styremedlemmer


Lodve Solholm  
(nestleiar)

Eli Bjørhusdal  
Terje Lohndal  
Torunn Reksten  
(tilsettrepresentant)

## ○ Vararepresentantar

Hege Myklebust  
Hilde Sollid

# Organisasjonskart





Språkrådet samordnar den sektorovergripande språkpolitikken og gjev råd og rettleiing.

### Språkpolitikken er sektorovergripande

Den nye språklova understrekar at språkpolitikken er sektorovergripande. Språkrådet skal sjå til at alle sektorar gjer ein innsats, og rettleie dei i arbeidet. I 2021 har Språkrådet bruka mykje ressursar på å planleggje og førebu rettleiingsmateriellet som skal vere til hjelp for sektorane i oppfølginga av språklova.

# 34,23

årsverk

I 2021 hadde Språkrådet 34,23 årsverk fordelt på 40 tilsette gjennom året.

## Lokalisering

Hovudkontoret til Språkrådet ligg i Oslo. I tillegg har Språkrådet éin medarbeidar som har arbeidsstad i Bergen.

# Svarbasen

I 2021 har Språkrådet vidareutvikla innhaldet i svarbasen på språkrådet.no.

Etter vedtektene skal Språkrådet i rimeleg omfang gje råd til allmenta i språkspørsmål. Pågangen har vore aukande frå år til år sidan 2000. For å effektivisere arbeidet i rådgjevingstenesta har Språkrådet i fleire år arbeidd med å leggje mykje relevant innhald i ein digital svarbase på nettstaden vår.

Målet med arbeidet er at språkrådgevinga vår skal nå stadig fleire, samtidig som vi skal bruke mindre ressursar på individuelle svar. Språkrådet meiner at dette tiltaket tener føremålet, og det syner seg også ved at bruken av svarbasen har auka mykje samanlikna med andre område på nettstaden vår.

# 5000

språkspørsmål

I 2021 svara Språkrådet på over 5000 språkspørsmål. Det var ein nedgang frå året før på 11 prosent, den første nedgangen på fem år.

# 800

artiklar

Svarbasen inneheld over 800 artiklar, fordelte på 123 kategoriar (per 1.1.2022), om alt frå «Adjektiv og adverb» og «A-endingar» til «Uttale» og «Valfrie former».

# Nokre hovudtal

# 959 480

Språkhjelp

## Volumtal Rådgjeving frå Språkrådet og bruk av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* på nett

År	Direkte rådgjeving			Unike visningar på nettsidene		<i>Bokmålsordboka</i> og <i>Nynorskordboka</i>		
	E-post	Telefon	Sosiale medium	Språkhjelp	Svarbasen	Oppslag på nett	Oppslag i app	Totalt på nett og i app
2019	4705	451	717	1 029 910	1 471 323	33,5 millionar	20,2 millionar	53,7 millionar
2020	4919	*	738	1 065 201	1 728 576	37,7 millionar	– **	– **
2021	4380	*	654	959 480	1 637 617	38,6 millionar	ca. 19 millionar**	ca. 57,6 millionar**

Tabellen inneheld nokre korrigererte tal for 2019.

\* I hovudsak blir førespurnader over telefon nå viste til postmottaket.

\*\* Tekniske tilhøve hos selskapet som har utvikla ordbokappen, gjer at det ikkje finst brukartal for oppslag i appen i 2020. For 2021 manglar det komplette tal for perioden januar-mai, men tala her tek omsyn til dette og er baserte på sannsynleg bruk i første halvdel av 2021. På grunnlag av auken i bruken av ordbøkene på nett er det grunn til å tru at òg bruken av appversjonen har auka.

# 9

Klarspråskurs

# 9

Nynorskkurs

# 10

Terminologikurs

## Kurs og utetterretta verksemd

År	Klarspråskurs	Nynorskkurs	Terminologikurs
2019	15*	12	16*
2020	10*	7	7*
2021	9*	9	10*

\*Tala omfattar både kurs, føredrag og konferanseinnlegg

Årsaker til nedgangen i talet på kurs i 2020 og 2021 er avlysingar på grunn av koronapandemien og interne prioriteringar.



2482

## Nettkurs i klarspråk

År	Den gylne pennen*
2019	1405
2020	1653
2021	2482**

\*Tabellen viser tal for Læringsplattforma og Verksemdsplattforma. Mange verksemdar lastar ned kursa til sine egne læringsplattformer. Vi har ikkje oversikt over tal frå dei enkelte verksemdene.

\*\*Tala for 2019 og 2020 viser kor mange som fullførte heile kurset. Tallet for 2021 viser kor mange som fullførte heile eller delar av kurset.

1279

## Nettkurs i nynorsk

År	Oi, på nynorsk!*
2019	791
2020	549
2021	1279**

\* Tabellen viser tal for Læringsplattforma og Verksemdsplattforma. Mange verksemdar lastar ned kursa til sine egne læringsplattformer. Vi har ikkje oversikt over tal frå dei enkelte verksemdene.

\*\*Tala for 2019 og 2020 viser kor mange som fullførte over 80 prosent av kurset. I 2021 var det 1279 personar som tok mindre delar av kurset.

370

## Nettkurs i terminologi

År	Begrip begrepene*
2020	522
2021	370

\* Tabellen viser tal for Læringsplattforma og Verksemdsplattforma. Mange verksemdar lastar ned kursa til sine egne læringsplattformer. Vi har ikkje oversikt over tal frå dei enkelte verksemdene. Tala i tabellen viser kor mange som har delteke på heile eller delar av kurset.

165

## Nettkurs i stadnamnarbeid

E-læringskurset «Vegen til stadnamnet – eit kurs i stadnamnarbeid og stadnamnlova» vart lansert våren 2021. Det er 165 personar som har gjennomført e-læringskurset i stadnamnarbeid.

# 25

## Arbeid med språket i lover og forskrifter

Språkrådet har arbeidd med lovtekstar både før og etter høyring. I perioden 2009–2021 har Språkrådet hjelpt til med å kvalitetssikre språket i til saman 25 lover (heile tekstar eller utdrag) og 5 forskrifter. 15 av lovene var på bokmål, 10 var på nynorsk. 4 av forskriftene var på bokmål, 1 var på nynorsk. I tillegg har Språkrådet halde 4 innlegg om godt språk i lover og forskrifter. Språkrådet har dessutan gjeve ut rettleiingsheftet *Godt språk i regelverk*. Heftet inneheld reglar og råd for alle som skriv lover og forskrifter.

# 45

## Saker om brot på mållova

Språkrådet fekk i alt 45 førespurnader om brot på mållova i 2021. Av desse gjaldt 31 eksamen i feil målform. Språkrådet har grunn til å tru at dei aller fleste brota på mållova ikkje blir rapporterte eller klaga på.

Språkrådet er ikkje klageorgan i saker som gjeld brot på mållova. Tala i tabellen viser berre saker der ein privatperson har klaga til rett organ og sendt kopi til Språkrådet. Språkrådet følgjer opp alle slike klagesaker ved å rette ein førespurnad til det aktuelle statsorganet dersom det ikkje svarar klagaren innan rimeleg tid.

2017	2018	2019	2020	2021
60	53	87	74	45

## Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2019	2020	2021
Årsverk	31,79	32,29	34,23
Samla tildeling post 01–78	74 767 000	78 905 000	87 298 000
Samla tildeling post 01–29	41 347 000	41 095 000	45 053 000
Utnyttingsgrad post 01–29	98,9 %	98,6 %	95,1 %
Driftsutgifter post 01	40 882 245	40 519 278	42 858 404
Lønsdelen av driftsutgiftene	71,8 %	73,7 %	76,0 %
Lønsutgifter per årsverk	923 427	924 589	951 284
Lønsutgifter	29 355 750	29 854 970	32 562 456

**38,6**

millionar oppslag i  
ordbøkene på nett

**2482**


personar deltok på  
nettkurs i klarspråk

**1,6**

millionar oppslag  
i svarbasen til  
Språkrådet

DEL III

# Aktivitetar og resultat i 2021



Språkrådet  
informerer om  
språklova, som gjev  
språkbrukarane i  
Noreg lovfesta rettar  
og det offentlege  
plikter.

# Utvalde høgdepunkt

## Ny språklov

Lov om språk vart vedteken 8. april 2021. Lova inneheld 22 paragrafar og har som føremål å styrkje norsk språk og fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk. Lova skal òg sikre vern og status for dei andre språka som staten har ansvar for: kvensk, romani, romanes, samiske språk og norsk teiknspråk. Språklova tok til å gjelde 1. januar 2022.



Les meir på nettstaden [spraklov.no](https://spraklov.no), som Språkrådet har utvikla.

## Høyringsvar til opplæringslova

I samband med arbeidet med ny opplæringslov har Språkrådet levert høyringsvar om norsk språk, om norsk teiknspråk og om kvensk, romani og romanes. Opplæringslova omtalar ei rekkje språkpolitiske spørsmål og er derfor ei sentral språklov. I høyringsvaret har Språkrådet mellom anna understreka at

- norsk teiknspråk må anerkjennast og behandlast som eit sjølvstendig språk
- lova må gje rett til opplæring i kvensk eller finsk gjennom heile skuleløpet
- definisjonen av læremiddel i lovframlegget ikkje femnar den reelle situasjonen i skulen



Foto: Oda Hveem

# 2021

## ○ Målfrid

Språkrådet har saman med Nasjonalbiblioteket utvikla eit verktøy for digital innhausting av data for statens målbruk på nett: Målfrid. Målfrid får gode tilbakemeldingar. Ho gjer det lettare for statsorgana å levere målbruksrapportar, og både statsorgana og Språkrådet får betre oversyn over vekslinga mellom bokmål og nynorsk.



Foto: Oda Hveem

## ○ Rapport om språkstrategiar

Språkrådet arbeider systematisk med å styrkje norsk fagspråk i universitets- og høgskulesektoren. Arbeidet fekk tydeleg gjennomslag i rapporten om språkstrategiar i sektoren, som Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (no Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse) utarbeidde i 2021. Vi samarbeidde tett med direktoratet under utarbeidinga av rapporten, og innspel frå Språkrådet la grunnlaget for at tilrådingane i rapporten i stor grad er i tråd med måla i språkpolitikken.



# Utvalde høgdepunkt

## Populær seminarrekke om godt språk

I 2021 inviterte Språkrådet saman med Digitaliseringsdirektoratet og KS (kommunesektorens organisasjon) til fleire nettseminar om godt språk. Seminarrekka hadde i snitt nesten 1000 deltakarar kvar gong. Seminara tok mellom anna for seg godt språk i regelverk, klarspråk i store organisasjonar og klarspråksparagrafen i språklova.



## E-læringskurs i stadnamnarbeid



E-læringskurset «Vegen til stadnamnet» vart lansert i 2021. Kurset gjev innføring i arbeid med stadnamn som kulturminne og i praktisk arbeid med saker etter stadnamnlova. Målgruppa er særleg kommunalt tilsette, men òg andre som vil lære meir om stadnamn og lova. Kurset blir formidla til alle kommunar som er i kontakt med Språkrådet i stadnamnsaker som er til behandling.





# 2021

## ○ Status for språk i Noreg

*Språkstatus 2021* er ein statusrapport om norsk språk, nasjonale minoritetsspråk, norsk teiknspråk og den overordna språksituasjonen i Noreg. Rapporten gjev viktig informasjon om språkutviklinga i samfunnet og peikar samstundes ut område der det er behov for meir kunnskap. Språkrådet brukar rapporten for å formidle det språkpolitiske ansvaret i ulike sektorar.



## ○ Nordisk språkmøte

Språkrådet var i 2021 vertskap for det 65. nordiske språkmøtet, som er ein sentral del av verksemda i Nettverket for språknemndene i Norden. Temaet for dei faglege innlegga på språkmøtet var språkteknologi, i tråd med strategien til Språkrådet. Hovudmålet var å spreie kunnskap om at nordisk samarbeid om språkteknologisk infrastruktur er viktig for å styrkje dei nordiske nasjonalspråka og dei små språka i Norden. Språkmøtet 2021 hadde nesten dobbelt så mange deltakarar som dei førre språkmøta.



# Språkdagen 2021: Lov laga



kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen

Språkdagen er Språkrådets store årlege publikumsarrangement. Bakteppet for Språkdagen 2021 var den nye språklova, som tok til å gjelde 1. januar 2022.

Med språklova har språkbrukarane i Noreg fått lovfesta rettar, og det offentlege har fått plikter. Hovudtemaet på Språkdagen 2021 var det ansvarret kunnskapssektoren har for språka i Noreg. Språkvala verksemdene i sektoren gjer, får store ringverknader i samfunnet.

Dette var nokre av spørsmåla NRK-journalist Espen Aas stilte til debattantane:

- Kva treng sektoren din for å kunne oppfylle krava i språklova?
- Kva treng skulen for å kunne gje nynorskelevlar like god undervisning og dei same digitale moglegheitene som bokmålselevar får?
- Kva rammer kan sikre det norske fagspråket i akademia når forskingsmiljøa er internasjonale?

## TV-sendinga

For andre år på rad var Språkdagen primært eit digitalt arrangement. Direktesendinga og opptaket er hittil sett av over 2100 personar (per 1.1.2022). Dermed fekk Språkdagen 2021 eit publikum som var meir enn ti gonger større enn språkdagane før 2021.

Gjennom TV-produksjonen blir Språkdagen eit arrangement for heile landet. Dei mange positive tilbakemeldingane i 2020 og 2021 gjer at Språkrådet kjem til å bruke det digitale formatet vidare.

Dei inviterte i salen og dei fleste av sjåarane var i hovudmålgruppa for Språkdagen: offentleg tilsette – særleg på leiarnivå – som har ansvar for eller interesse av den språkpolitikken som er utforma i språkmeldinga.

Heile sendinga og dei einsskilde delane er lagde ut på YouTube og er teksta og tolka til teiknspråk.

Meir informasjon om Språkdagen ligg på nettsidene til Språkrådet.

**Språkdagen** er det viktigste enkeltarrangementet til Språkrådet og støtter opp om dei prioriterte måla våre. På Språkdagen 2021 vart merksemda retta mot den nye språklova og språkpolitikken som eit sektorovergripande politikkområde. Meldingsdelen til språklova peikar på at kunnskapssektoren er særskild viktig når lova skal implementerast, og på Språkdagen vart representantar frå sektoren utfordra til å svare på korleis dei skal ta systematisk språkpolitisk sektoransvar. Arrangementet er viktig for å byggje nettverk og skape relasjonar, og budskapane frå debattane gjev eit godt grunnlag for den vidare dialogen mellom Språkrådet og sektoren. Budskapane frå innlegga og debattane blir formidla vidare til allmenta i kanalane til Språkrådet.

Språkdagen  
**2021**





debattleiar Espen Aas i samtale med jurist Sofie Høgestøl og språkdirektør Åse Wetås

## Språkdagen 2021

«Vi vil at evna til forskarane til å formidle og til å skaffe eksterne midlar skal telje meir til dømes ved tilsetjingar i professorstillingar.»

Kristin Danielsen, områdedirektør i Forskningsrådet

«No skal det bli veg i vellinga i språkpolitikken!»

Anette Trettebergstuen, kultur- og likestillingsminister



grunnskuleleiar  
Kristin Takvam Rekve

«Vi har ein *challenge*,  
og han er relativt *big*.»

Oddmund Løkensgard Hoel,  
statssekretær i Kunnskapsdepartementet



«Også bokmålselevane  
treng betre skrivestøtte  
på nynorsk.»

Liv Astrid Skåre Langnes, lærar, Nasjonalt senter  
for nynorsk i opplæringa



styreleiar Sunniva  
Whittaker



Espen Aas i samtale med Liv Astrid Skåre Langnes





Språklova er ei konkretisering  
av ytringsfridomsparagrafen  
i Grunnlova.

Sofie Høgestøl, jurist





# *Språkstatus 2021:* stoda før språklova

*Språkstatus* er ein rapport om stoda for dei språka som Noreg har eit særleg ansvar for. Språkrådet gjev ut *Språkstatus* kvart fjerde år. 2021-rapporten gjev eit bilete av situasjonen før den nye språklova tok til å gjelde i 2022.





*Språkstatus 2021*, den sjetteste i rekka, gjeld perioden 2017–2021. Rapporten kom ut i juni 2021, eit halvt år før den nye språklova tok til å gjelde, og er dermed ein nullpunktsanalyse av situasjonen før innføringa av lova og eit viktig utgangspunkt for arbeidet med lova i verksemdene i offentleg sektor og i Språkrådet.

Den ferske rapporten vart overlevert Kulturdepartementet 18. juni 2021.

– Med språklova får alle verksemdar i staten eit ansvar for språket sitt, for språket vårt – for at brukarane skal møte eit godt og korrekt språk når dei er i kontakt med det offentlege. Saman skal vi sikre at det norske språket er mangfaldig, brukarvenleg, klart og sterkt på alle samfunnsområde også i framtida, sa språkdirktør Åse Wetås under overrekkinga.

*Språkstatus 2021* viser at norsk er eit sterkt og solid språk i verdssamanheng. Norsk står sterkt i staten, i skuleverket, i kommunane og i media, for å nemne nokre viktige område. Men digitaliseringa og globaliseringa byr på utfordringar for alle små og mellomstore språk, òg dei språka Noreg har eit særskilt ansvar for.

Rapporten inneheld kapitla «Språka i samfunnet», «Skule og barnehage», «Høgare utdanning», «Arbeidsliv», «Stat og kommune», «Helse», «Medium og kultur», «Språklege byggjeklossar» og «Noreg og verda». Heile rapporten og ein-skildkapitla kan lastast ned frå [sprakradet.no/sprakstatus2021](http://sprakradet.no/sprakstatus2021).

Stortinget har vedteke måla for den norske språkpolitikken, men dei offentlege organa må sjølve leggje planar for å nå måla. *Språkstatus 2021* gjev kunnskap om stoda og utfordringane for den offentlege språkpolitikken. Slik kunnskap treng både dei som har sektoransvar, og dei som har rettar etter språklova. Språkrådet arbeider heile tida med å gjere innhaldet i rapporten kjent for relevante målgrupper.

Heile rapporten vart distribuert til sentrale aktørar i sektorane i juni 2021. Rapporten vart dessutan formidla i Språkrådets eigne kanalar og fekk nokre omtalar i pressa. *Avisa Dag og Tid* publiserte ei melding av *Språkstatus 2021*, og Språkrådet deltok i debatten som følgde.

Etter regjeringsskiftet hausten 2021 gav Språkrådet òg ut ein-skildkapitla som eigne publikasjonar, både trykte og digitale, og distribuerte dei til verksemdene i dei ulike sektorane. Det er i sektorane språklova skal implementerast. Språkrådet sende publikasjonane til dei nye statsrådene og statssekretærene saman med ei kort oppsummering av dei tre–fire viktigaste språkpolitiske utfordringane i sektorane deira. Desse utfordringane vart òg bruka som utgangspunkt då Språkrådet informerte om kapitla i sosiale medium, og vi kjem til å bruke dei når vi sender kapitla til etatar og verksemdar som ligg under departementa.

# Resultat i 2021




Språkrådet skal gjennom målretta aktivitetar fremje statusen til norsk språk og bruken av norsk på utsette samfunnsområde.

På bakgrunn av dette hovudmålet har Kulturdepartementet fastsett fire delmål som har vore styrande for ressursprioriteringane til Språkrådet i 2021.

# Delmål 1



Innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møte og bruke eige/eigne språk, anten det er nynorsk, bokmål, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani eller romanes, til det beste for den einskilde og samfunnet.



Språkrådet  
prioriterer å styrkje  
dei arenaene der  
teiknspråk er i bruk,  
både i og utanfor  
skulen.

## Språkrådet samarbeider med statsorgan og andre verksemder som skal setje i verk språkpolitikken og sikre at dei norske språka og dei nasjonale minoritetsspråka blir brukte, styrkte og verna på område der dei står svakt i dag, eller der vi ser at dei kan bli truga i framtida.

### Samarbeid om fagspråk og klarspråk

Språkrådet arbeider systematisk med å styrkje norsk fagspråk i universitets- og høgskulesektoren. I 2021 har vi hatt eit tett samarbeid med Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), no Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Diku fekk i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å gå gjennom språkstrategiane til universitet og høgskular og å revidere lærebokordninga (tilskotsordning for lærebøker) i høgare utdanning. I oppdraget var det spesifisert at Diku skulle konsultere Språkrådet. Resultatet av dette samarbeidet var rapporten *Språkstrategiar i høgare utdanning*, som inneheld konkrete tilrådingar som fremjar dei langsiktige måla i språkpolitikken. I tillegg vart lærebokordninga endra i tråd med den nye språklova og føringane i språkpolitikken: Fag som er særleg utsette for domenetap til engelsk, skal prioriterast, ved sida av læremiddel på nynorsk og samisk. Dette arbeidet fekk god effekt fordi det var spesifisert i oppdraget at Språkrådet skal konsulterast i språkpolitisk viktige prosessar. Arbeidet kan tene som eit føredøme for tiltak i andre sektorar. I tildelingsbrevet til HK-dir for 2022 har direktoratet fått i oppdrag å sørgje for at universitet og høgskular følgjer opp tilrådingane frå *Språkstrategiar i høgare utdanning*.


Språkrådet deltek i ei gruppe for medisinsk fagspråk. Denne gruppa har elleve medlemmer med brei bakgrunn frå medisin, andre helsefag og språkfag. Ved å delta i gruppa medverkar Språkrådet til at arbeidet med terminologi og klarspråk blir tematisert i helsesektoren, som er utpeika som ein

strategisk viktig sektor i språklovsproposisjonen. I 2021 arrangerte gruppa eit helsespråkseminar i samarbeid med Språkrådet, Helse sør-aust og Direktoratet for e-helse. Sjå nærare omtale av samarbeidet på side 55.

Samarbeidet mellom Språkrådet og Universitetet i Bergen om oppbygginga av Termportalen bidreg til å setje universiteta og høgskulane i stand til å oppfylle dei pliktene dei har etter universitets- og høgskulelova. Sjå nærare omtale av samarbeidet på side 46.

Det langvarige samarbeidet med Nasjonalbiblioteket om utvikling av språkteknologiske ressursar i Språkbanken har halde fram i 2021. I tråd med føringane i språkpolitikken har arbeidet i Språkbanken dreidd seg mest om utvikling av ressursar for nynorsk og dialektar. Sjå nærare omtale av samarbeidet på side 40–41.

I 2021 har Språkrådet delteke i spegelkomiteen for språk og terminologi i Standard Noreg. Språkrådet har nestleiarvervet i komiteen, som mellom anna skal behandle framlegget til ein ISO-standard for klarspråk. Spegelkomiteen følgjer med på og «speglar» det internasjonale standardiseringsarbeidet på området. Dette arbeidet er viktig for utvikling av standardisert språkleg infrastruktur på ei rekkje av dei områda Språkrådet arbeider med, som klarspråk, terminologi og språkteknologi. Den internasjonale standardiseringa har konsekvensar for det norske språksamfunnet, og ved å ta del i dette arbeidet medverkar Språkrådet til at norske interesser blir tekne vare på.



## Ni av ti seier at dei kjenner til kravet om klarspråk

- 87 prosent av verksemdene som deltok i undersøkinga, seier at dei kjenner til klarspråksparagrafen i språklova.
- Dette gjeld for både statsorgan og kommunar. Samtidig er det ein tendens til at kjennskapen aukar noko med storleiken på kommunen.

Frå undersøkinga «Klarspråk i offentlig sektor», ved Opinion og Språkrådet, januar 2022. Formålet med undersøkinga er å kartlegge korleis det blir arbeid med klarspråk i stat og kommune, og korleis Språkrådet kan hjelpe til i åra framover. Undersøkinga gjev også eit bilete av stoda for klarspraksarbeidet i det offentlege rett før språklova og klarspråksparagrafen tok til å gjelde.

Språkrådet har faste samarbeidsmøte om klarspråk med Digitaliseringsdirektoratet og KS og når slik ut til mange tilsette i stat og kommune. I 2021 har vi samarbeidd om ei rekkje nettseminar som spreier informasjon om klarspråksparagrafen i språklova og om klarspraksarbeid, formidlar språklege råd og verkar inspirerende for dei som ser og høyrer på. Utdelinga av klarspraksprisane vart eit digitalt arrangement med klarspråk og helseinformasjon som tema. Arrangementet var eit samarbeid mellom Kommunal- og moderniseringsdepartementet (no Kommunal- og distriktsdepartementet), Digitaliseringsdirektoratet, KS og Språkrådet. Språkrådet meiner at den årlege utdelinga av klarspraksprisar i eit slikt samarbeid hevar statusen til klarspraksarbeidet i heile offentleg sektor og viser fram arbeidet med klart språk som ein viktig del av det systematiske forbetningsarbeidet i sektoren. Det at Kommunal- og distriktsdepartementet står som eigar av prisen, syner at departementet tek eit tydeleg språkpolitisk ansvar på dette feltet.

Språkrådet samarbeider med Nav om klarspråk, mellom anna gjennom podkasten «På godt NAVsk», der språkdirektør Åse Wetås deltek med ei fast spalte. Podkasten handlar om enkelt og forståeleg språk i offentlege organ i Noreg. Nav er ein strategisk viktig samarbeidspartnar for Språkrådet og ein viktig aktør i gjennomføringa av språkpolitikken. Podkast-samarbeidet tok til sommaren 2021. Gjennom dette samarbeidet når Språkrådet ei viktig målgruppe på ein effektiv måte, med den kommunikasjonsstrategiske målsetjinga om å kommunisere med målgruppene der dei vanlegvis er, gjerne i deira egne kanalar. Frå desember 2021 og framover er spalta ein fast direktørsamtale der både Åse Wetås og Nav-direktør Hans Christian Holte deltek. Dei løftar fram det systematiske språkarbeidet i det offentlege, og dei gjev slikt arbeid viktig leiarforankring. I tillegg deler dei erfaringar og kjem med konkrete tips og råd. Podkastsamarbeidet har òg ført til at Språkrådet deltek i eit nettverk for kommunikasjonsrådgjevarar i statleg sektor.





Vi veit no at kommunikasjonsavdelingane blir sentrale i arbeidet med å implementere språklova. Nettverket kjem til å bli strategisk viktig i dette arbeidet.

### Samarbeid om nynorsk

I 2021 har Språkrådet i tilsynsverksemda si fått utvikla og teke i bruk eit digitalt verktøy for innhausting av målbruksdata. Verktøyet er utvikla i samarbeid med Nasjonalbiblioteket, og det har fått namnet Målfrid. Både Språkrådet og statsorgana har gode røynsler med bruk av Målfrid. Statsorgana rapporterer om at verktøyet gjer det mykje lettare å rapportere om og få oversyn over målbruken. Språkrådet får sikrare tal som kan brukast i tilsynet og i dialogen med statsorgana og til statistikk og oversyn. Det tekniske samarbeidet med Nasjonalbiblioteket har vore avgjerande for å få på plass ein god språkanalyse og sikre tal. Som ein tilleggsvinst får Nasjonalbiblioteket gjennom Målfrid hausta inn store tekstkorpus frå statsorgana, som Nasjonalbiblioteket kan bruke til å utvikle språkdata.

Språkrådet har eit fast samarbeid med organisasjonar og andre relevante institusjonar på minoritetsspråkfeltet og på nynorskfeltet. Forum for nynorsk i opplæringa, som Utdanningsdirektoratet organiserer, er viktig for at utdanningsstyresmaktene og andre aktørar skal få kunnskap om vilkåra for nynorsk i skulen. I 2021 arbeidde nettverket særleg med spørsmål om digitale læremiddel og læringsressursar. Gjennom forumet får Språkrådet verdifull kunnskap om aktuelle språkspørsmål på skulefeltet, som vi mellom anna nyttar i arbeidet med høyringssvar på opplæringsfeltet.

I 2021 har Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket prioritert å styrkje ressursar for nynorsk og tale. Eit korpus som inneheld 125 timar med transkribert tale frå Stortinget, det såkalla stortingskorpuset, er gjort tilgjengeleg i banken. Korpuset er eigna for å utvikle norskspråkleg taleattkjenning av spontan tale. Talarane på Stortinget blir refererte anten på nynorsk eller bokmål, men heile materialet kan nyttast til å utvikle taleattkjenning på nynorsk, sidan dei fonetiske skilnadene mellom nynorsk



og bokmål er små. Utviklarar av taleteknologi har allereie meldt at korpuset er eit viktig bidrag i modellering av norsk tekst og tale.

For å betre kvaliteten på norskspråklege tale-assistentar har Språkbanken i 2021 starta arbeidet med å utvikle eit korpus for slike assistentar. Korpuset skal medverke til at taleassistentane kan forstå variasjon mellom nynorsk og bokmål og dialektvariasjon. På grunn av covid-19-pandemien har prosjektet vorte noko forseinka. Etter planen skal det gjerast ferdig i byrjinga av 2022.

Styrking av nynorsk er fellesnemnaren for dei andre prioriteringane i Språkbanken. Tekstdataa frå Målfrid-innhaustinga som blir gjord i samband med målrapporteringa, blir lagde ut i ressurskatalogen til Språkbanken. Store tekstdatasamlingar er ein verdifull grunnlagsressurs for ulike typar språkteknologi, og Språkbanken haustar inn slike store tekstmengder både på nynorsk og bokmål.

For å betre kvaliteten på automatisk omsetjing mellom engelsk og nynorsk har Språkbanken utvikla eit parallellkorpus mellom nynorsk og bokmål, basert på skulebøker i parallellutgåver bokmål–nynorsk. Prosjektet vil bidra til å gjere nynorsk tilgjengeleg i EUs automatiske omsetjingsteneste eTranslation, der berre bokmål er tilgjengeleg i dag. På lengre sikt kan dette gje maskinomsetjing mellom nynorsk og ei rekkje europeiske språk.

### ***Nordisk språkmøte 2021*** **syner fram nordisk samarbeid om språkteknologi**

Språkrådet var i 2021 vertskap for det 65. nordiske språkmøtet. Denne møterekkja er ein fast og sentral del av verksemda i Nettverket for språknemndene i Norden. Det overordna temaet for språkmøtet var språkteknologi, i tråd med strategien til Språkrådet. På programmet stod 14 faglege innlegg frå store delar av det nordiske språkområdet. Konferansen hadde 150



## Språkrådet og statsorgana har gode røynsler med Målfrid, eit digitalt verktøy for innhausting av målbruksdata.

deltakarar. Ti av innlegga vil bli til fagartiklar som blir publiserte i 2022-utgåva av tidsskriftet Språk i Norden. Eit hovudmål med språkmøtet var å spreie kunnskap om at nordisk samarbeid om språkteknologisk infrastruktur er viktig for å styrkje dei nordiske nasjonalspråka og dei små språka i Norden. Språkmøtet 2021 hadde nesten dobbelt så mange deltakarar som dei førre språkmøta, og deltakarane fordelte seg godt på dei ulike nordiske landa. Det er grunn til å tru at ein har nådd hovudmålet med dette tiltaket.

### **Språkrådet byggjer kunnskap om norsk teiknspråk**

I 2021 har Språkrådet oppretta fast kontakt med Kunnskapsdepartementet om norsk teiknspråk i kunnskapssektoren. Formålet er at Kunnskapsdepartementet skal arbeide heilskapleg med å styrkje norsk teiknspråk i opplæringa, på tvers av fagavdelingar, og at departementet skal ta språkleg sektoransvar for ei særleg utsett språkbrukargruppe.

I møte med departementet har Språkrådet peika på at alle elevar med opplæring i teiknspråk må få tilgang til eit teiknspråkmiljø med trygge førstespråksbrukarar. I åra som kjem, vil Språkrådet prioritere å styrkje dei arenaene der teiknspråk er i bruk, både i og utanfor skulen.

Teiknspråkarenaer er viktige for den systematiske bygginga av kunnskap om norsk teiknspråk i 2021. På oppdrag frå Språkrådet og Nordisk



teiknspråknettverk har ei forskargruppe ved Oslo-met gjennomført ein litteraturstudie om tilgangen til teiknspråk for barn og unge i Norden. Studien slår fast at retten til opplæring i og på teiknspråk i seg sjølv ikkje er nok for å sikre tilgang til gode språkmiljø for teiknspråklege barn og unge. Studien har gjeve eit naudsynt faktagrunnlag for vidare systematisk arbeid med å styrkje teiknspråkmiljø og teiknspråkarenaer.

Undersøkinga «Kartlegging av barns tidlige tilgang til norsk tegnspråk», som blir utført av Proba samfunnsanalyse på oppdrag frå Språkrådet, vil òg gje verdifull kunnskap om kva som medverkar til at høyrselshemma barn og unge blir introduserte for teiknspråk i tidleg alder. Kartlegginga starta i 2021. Målet er å undersøke kva for praksis helsestasjonane har når det gjeld høyrselstap og norsk teiknspråk. Forseinkingar på grunn av covid-19-pandemien gjorde at undersøkinga ikkje kunne fullførast dette året.

### **Språkrådet skapar betre vilkår for norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka i skulen**

I 2021 har Språkrådet arbeidd målretta for å styrkje norsk teiknspråk i skulen gjennom eit kartleggingsseminar om teiknspråk i opplæringssektoren. Seminaret gav verdifulle røynsler frå døve og høyrselshemma førstespråksbrukarar av teiknspråk. Røynslene og innspela er transkriberte og blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for ei vidare satsing på norsk teiknspråk i opplæringssektoren. Språkrådet har dessutan levert to grundige høyringssvar om norsk teiknspråk i samband med arbeidet med ny opplæringslov. I begge høyringssvara vart det understreka at norsk teiknspråk må godkjennast og behandlast som eit sjølvstendig språk og ikkje sjåast på som eit spesialpedagogisk hjelpemiddel, og at ei ny opplæringslov må sikre alle teiknspråkbrukarar tilgang til språket sitt og til arenaer der dei kan bruke teiknspråk saman med andre teiknspråklege.

På minoritetsspråkfeltet har Språkrådet i 2021 medverka til å opprette eit førskuletilbod i romanes og norsk i Oslo (sjå ovanfor) og levert eit omfattande høyringssvar til framlegget til ny opplæringslov. I høyringssvaret har Språkrådet mellom anna understreka at retten til opplæring i kvensk eller finsk også må gjelde for elevar i vidaregåande skule, same kvar i landet ein elev er busett, og same kva etnisk bakgrunn eleven har. Vi har gjort framlegg om at romanes og romani blir tekne inn som eigne fag i grunnskulen, og understreka at retten til læremiddel må følge retten til opplæring og dermed også må gjelde for elevar som får opplæring i nasjonale minoritetsspråk.

### **Dokumentasjonen av romanes og romani er betra**

Språkrådet, kultursenteret Romano kher og professor emeritus Rolf Theil ved Universitetet i Oslo har i 2021 gjort ferdig arbeidet med ei abc-bok på romanes. Det finst få bøker på romanes i dag, og det finst heller ikkje etablert rettskriving eller standardiserte skrivemåtar i Noreg. Noreg har heller ikkje noko undervisningstilbod i romanes. I 2018 bad ministerkomiteen i Europarådet Noreg om å etablere undervisning i romanes på alle passende nivå, som eit døme på korleis Noreg kan oppfylle den europeiske pakta om regions- og minoritetsspråk. Abc-boka er eit første steg på vegen til læremiddel og er derfor viktig i arbeidet med å styrkje språket.

I 2021 vart det oppretta eit nettverk for romanes, der Språkrådet deltek saman med Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Saman med det romske miljøet medverkar nettverket til å styrkje romanes gjennom undervisning i skulen. Eit konkret resultat er at det tidleg i 2022 blir oppretta eit førskuletilbod i romanes og norsk for romske barn på kultursenteret Romano kher, finansiert av Oslo kommune.



Språkrådet deltek i faggruppa for den kollektive oppreisninga til romanifolket/taterane. Denne gruppa skal gje Kulturrådet råd om høveleg bruk av statlege midlar til kulturelle og språklege føremål til denne folkegruppa. I 2021 hadde Språkrådet to tiltak for dokumentasjon av romani på arbeidsplanen, men det språkfaglege miljøet for romani er lite, og dei eksterne samarbeidspartnarane som Språkrådet er avhengige av i eit slikt arbeid, hadde ikkje høve til å prioritere det i 2021.

### **Språkrådet har ein plan for kvensk**

I arbeidet med å styrkje kvensk språk prioriterer Språkrådet opplæringssektoren. I 2021 har vi prioritert to tiltak: eit grundig høyringsvar til opplæringslova og ei undersøking om kvensk- og finskundervisning i Troms og Finnmark.

I dag er det stor mangel på kvalifiserte lærarar i kvensk. Lærarmangelen blir større dersom opplæringslova ikkje gjev elevar rett til å få kvensk eller finsk som andrespråk på vidaregåande skule. Dei som vil ta høgare utdanning i kvensk eller finsk, har


ikkje hatt rett til undervisning i kvensk eller finsk på vidaregåande og får i dag eit lengre studieløp fordi dei må ta forkurs. Derfor har Språkrådet i høyringsvaret til opplæringslova understreka at lova må gje rett til opplæring i kvensk eller finsk gjennom heile skuleløpet. Berre slik kan ein bøte på lærarmangelen i kvensk og dekkje behovet for kvalifiserte lærarar i framtida.

I 2021 har Språkrådet gjennomført ei undersøking om kvensk- og finskundervisninga på grunnskular og vidaregåande skular i Troms og Finnmark. Undersøkinga kartlegg mellom anna i kva grad skulane har eit tilbod om utdanning i kvensk og finsk som andrespråk, og i kva grad dei informerer om det på nettsider, i innmeldingsskjema og til elevar og føresette. Svara blir analyserte i 2022 og skal danne grunnlag for det vidare arbeidet med å betre tilbodet om kvensk og finsk for elevar i opplæringa.

# Delmål 2



Norsk skal vere eit fullverdig språk og skal brukast på alle samfunnsområde.



Språkrådet deltek aktivt i ordskiftet om balansen mellom norsk og engelsk i akademia og bidreg til auka medvit om norsk fagspråk.

## Betre system for vedlikehald og utvikling av norsk fagspråk

I heile 2021 har det vore mykje mediedebatt om bruk og utvikling av norsk fagspråk. I fagmedia i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) og i allmenmedia har det vore mange ordskifte om balansen mellom norsk og engelsk i akademia. Språkrådet har skriva kronikkar og innlegg og delteke i debattar i radio og fjernsyn. I fleire år har Språkrådet arbeidd målretta med å innhente kunnskap, etablere samarbeid med sentrale aktørar i sektoren og utvikle metodikk. Det er grunn til å tru at dette arbeidet har medverka til auka medvit om norsk fagspråk i heile sektoren. Det er gledeleg at det mot slutten av 2021 kom nye og tydelege krav om styrking av norsk språk i tildelingsbrev til universitet og høgskular.

Gjennom innspel og høyringar har Språkrådet i 2021 medverka til å forankre språkpolitikken i UH-sektoren. Eit innspel frå oss til den gjennomgangen Diku gjorde av lærebokordninga for UH-sektoren, førte til at ordninga vart endra, slik at ho i større grad vart i samsvar med måla i språkpolitikken. I eit innspel til *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning* frå regjeringa har Språkrådet peika på at forskingsresultata må bli publiserte i norsk språkdrakt, slik at befolkninga og samfunnet kan nytte godt av dei. I innspel til *Digitaliseringsstrategi for universitets- og høgskulesektoren* har Språkrådet mint om at UH-sektoren i digitaliseringsprosessar alltid må ta omsyn til språklovgjevinga og dei språklege behova og rettane til studentar, undervisarar og resten av samfunnet.

### Ein termportal blir til

Skal norsk vere eit fullverdig språk som blir bruka på alle fag- og samfunnsområde i framtida, må norske fagmiljø utvikle og gjere tilgjengeleg norsk terminologi på fagfelte sine. I 2021 har Termportalen ved Universitetet i Bergen (UiB) vore i ein oppbyggingsfase. To terminologstillingar


vil venteleg kome på plass i 2022, og det ligg dermed til rette for at arbeidet med Termportalen kan gå inn i ein ny fase.

I 2021 har Språkrådet hatt jamleg kontakt med leiinga ved Termportalen, og vi har kome med faglege innspel om brukargrensesnitt og om kva for ressursar som bør innlemmast i portalen. Språkrådet og UiB har skriva under på ein samarbeidsavtale som definerer arbeidet med portalen i åra som kjem. Språkrådet har ansvar for at utviklinga av Termportalen følgjer dei prioriteringane og føringane som ligg i språkpolitikken.

Språkrådet er òg i ferd med å setje saman eit råd som gjennom faglege og strategiske innspel skal sikre at Termportalen i størst mogleg grad blir innretta slik at han kjem i samsvar med desse føringane. Gjennom kronikkar og faglege innlegg på konferansar har Språkrådet medverka til å gjere Termportalen kjend i UH-sektoren. Skal Termportalen kunne fungere etter føremålet, må han vere kjend i sektoren, og UH-institusjonane må utvikle og dele terminologi frå ulike fagfelt. I eit eige innspel til Kunnskapsdepartementet har Språkrådet peika på at systematisk utvikling av terminologi på bokmål og nynorsk i sektoren er ein føresetnad for at Termportalen skal bli ein verdifull ressurs og fungere etter føremålet.

## Norske standardar på bokmål og nynorsk

I 2021 har Språkrådet fastsett ein ny handlingsplan saman med standardiseringsorganet Standard Norge. Planen er eit viktig ledd i arbeidet med å sikre at det blir utvikla terminologi på både nynorsk og bokmål på områda til Standard Norge. I motsetnad til mange offentlege organ greier Standard Norge å utvikle terminologi parallelt på bokmål og nynorsk. Slik er samarbeidet med Standard Norge viktig for det langsiktige arbeidet i Språkrådet med å styrkje nynorsk på alle samfunnsområde.



### Kva for språk omfattar klarspråksarbeidet?

- Statsorgana svarar at klarspråksarbeidet omfattar bokmål (97 %), i tillegg seier 64 % at det omfattar nynorsk.
- Både i staten og kommunane er det vanlegare at dei mindre verksemdene svarar nynorsk.
- Andre språk som blir nemnde, er engelsk og «fagspråk».

Frå undersøkinga «Klarspråk i offentlig sektor», ved Opinion og Språkrådet, januar 2022. Formålet med undersøkinga er å kartleggje korleis det blir arbeidd med klarspråk i stat og kommune, og korleis Språkrådet kan hjelpe til i åra framover. Undersøkinga gjev også eit bilete av stoda for klarspråksarbeidet i det offentlege rett før språkløva og klarspråksparagrafen tok til å gjelde.


Fram til 2025 skal Standard Norge auke talet på termopstar i termbasen Snorre med 50 prosent. Arbeidet er i rute. I tråd med handlingsplanen (2021–2025) for samarbeidet mellom Språkrådet og Standard Norge har viktige samfunnsområde som helse, velferdsteknologi, digitalisering og grønt skifte vore prioriterte i 2021. Språkrådet har òg etablert kontakt med den andre store standardiseringsorganisasjonen i Noreg, Norsk Elektroteknisk Komité (NEK), med sikte på å lage ein handlingsplan etter same mønster. Målet for samarbeidet med NEK er å sørge for utvikling av terminologi på nynorsk og bokmål frå kybertryggleik, forsvar og beredskap, elproduksjon, samferdsel og velferdsteknologi. Systematisk terminologiutvikling frå NEK og Standard Noreg vil kunne syte for norskspråkleg terminologi frå svært mange samfunnsområde. Språkrådet vil i tida framover arbeide for at utvikling av terminologi på bokmål og nynorsk i NEK skal bli

forankra i det sektorspesifikke oppfølgingsarbeidet til Justis- og beredskapsdepartementet.

### Meir nynorsk i dataspel

Innspel frå Språkrådet til Norsk filminstitutt i 2021 medverka til at den nye forskrifta om tilskot til produksjon av dataspel fekk ei formulering om at tilskot skal gå til spel på både bokmål og nynorsk. Det at nynorsk er eksplisitt nemnd, medverkar til å gjere nynorsk skriftspråk meir synleg på eit domene der språket omtrent ikkje blir brukt i dag. For å få ei fullgod oversikt over bruken av nynorsk i dataspel og på andre medieflater har Språkrådet i 2021 gjort ei utgreiing av medietilbodet på bokmål og nynorsk retta mot barn og unge. Denne utgreiinga blir eit viktig faktagrunnlag for det vidare arbeidet med styrking av norsk språk generelt og nynorsk spesielt på nye medieflater.






## Åtte av ti kjenner til klarspråk.no

- Heile åtte av ti verksemder kjenner til klarspråk.no, og annankvar brukar nettstaden ofte eller av og til.
- Dette gjeld både i staten og kommunane. Kjennskapen aukar noko med storleiken på kommunen.

Frå undersøkinga «Klarspråk i offentlig sektor», ved Opinion og Språkrådet, januar 2022



## Ordbøker på sporet

Den femårige revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (2018–2023) har vore eit stort arbeid òg i 2021. Revisjonen skjer i godt samarbeid med Universitetet i Bergen.

Ordbøkene må oppdaterast mellom anna fordi dei er den viktigaste kanalen for informasjon til publikum om korrekt skrivemåte, bøying av ord og bruk av ord i norsk. Det har vore eit problem at ordbøkene har hatt til dels utdaterte definisjonar, og at ein del vanlege ord ikkje har vore å finne. Oppdateringane trengst for at brukarane skal ha tillit til informasjonen dei finn i ordbøkene, ikkje minst når plikta til å følge offisiell rettskriving i det offentlege er fastslått i § 10 i språklova.

Språkrådet utfører manuskontroll og redaktørlesing og vurderer jamleg alle spørsmål som gjeld språknormering. Normeringsspørsmål i prosjektet blir diskuterte av fagseksjonen og fagrådet for normering og språkoobservasjon.

Prosjektet skal vere ferdig sommaren 2023, og redaksjonen i Bergen er no halvvegs i redigeringa av ordbokartiklar. Siste bolk som vart redigert i 2021, var *lomme-luking*.

## Språkrådet gjev råd

Etterspurnaden etter faglege råd og interessa for Språkrådets rettleiingstenester og språkressursar har også i 2021 vore svært stor. Oppdraget vårt er omfattande, og ressursane er knappe. Delar av året har vi derfor måtta avgrense rådgjevingstenesta vår til å svare på førespurnader frå fagmiljø og profesjonelle aktørar. Vi manglar kapasitet til å svare på språkspørsmål frå interesserte språkbrukarar. Derfor må vi heile tida prioritere tiltak som har mest mogleg effekt, anten fordi vi på den måten når mange, eller fordi vi når profesjonelle språkbrukarar med stor innverknad på språkbruken til andre.



Gjennom heile året har Språkrådet arbeidd jamt med å formidle innhald frå svarbasen i sosiale medium, både med nye, reviderte og koronarelaterte artiklar. Vi har lagt til rundt 100 nye artiklar i 2021 og arbeidd med nokre hundre til, som blir publiserte i 2022. Det vart gjort over 1,6 millionar oppslag i svarbasen i 2021, mens det var i underkant av ein million visningar på dei andre språkhjelpssidene på nettstaden vår. Råd om språk er den klart mest brukte ressursen på språkrådet.no.

I aktuelle spørsmål tek Språkrådet kontakt med viktige statsorgan eller tekstprodusentar som kan følgje opp dei språklege råda. Språkrådet gjev til dømes råd om uttale av og skrivemåte for stadnamn, råd om ordbruk og uttale av og skrivemåte for namn på virusvariantane. Det gjer vi gjennom direkte kontakt med aktørar som helsestyresmakterne, NRK og Store Norske Leksikon.

## Norsk i tida

Språkrådet har i 2021 etablert ei ny allmenn høyringsordning for rettskrivingsaker. Med det blir rettskrivinga behandla som andre vedtak som har følgjer for innbyggjarane. Med denne ordninga vil rettskrivingsvedtaka få endå ei demokratisk forankring, i tillegg til føringane frå regjeringa og Stortinget, og det vil kunne kome gode innspel.

Den første høyringssaka var ein revisjon av sjølve retningslinjene for normering av bokmål og nynorsk. I høyringsfråsegnene som kom inn, var heile meiningsmangfaldet i den norske språkdebatten godt representert. Det vart ikkje gjort store endringar etter høyringa, men innspela førte til gode presiseringar. I framtida vil framlegg til rettskrivingsendringar truleg bli sende til høyring éin gong i året som samlesak.

Språkrådet skal òg lage ein plan for arbeidet med justering av bokmålsnorma, som det er lagt føringar for i språkløvsproposisjonen. Saka vart

drøfta i fagrådet for normering og språkoobservasjon ved fleire høve, men planane vil bli nærmare konkretiserte først i 2022.

## Kva heiter staden? Auka kunnskap om stadnamn og stadnamnlova

E-læringskurset «Vegen til stadnamnet» vart lansert og formidla til aktuelle brukarar i 2021. Kurset gjev ei innføring i arbeid med stadnamn som kulturminne og i praktisk arbeid med saker etter stadnamnlova. Målgruppa er først og fremst kommunalt tilsette, men òg andre som vil lære meir om stadnamn og lova. Kurset blir formidla til alle kommunar som er i kontakt med Språkrådet i stadnamnsaker som er til behandling. Ved utgangen av 2021 var det 165 som hadde gjennomført kurset. Drygt halvta av kursdeltakarane var tilsette frå 65 ulike kommunar. Resten av deltakarane er mellom anna frå fylkeskommunar, statsorgan og kulturinstitusjonar. Føremålet med kurset er å heve kompetansen til alle som arbeider med stadnamnsaker, og Språkrådet reknar med at kvaliteten på arbeidet med stadnamnsaker med tida vil bli betre.


I oktober arrangerte Universitetet i Bergen og Språkrådet stadnamnkonferansen «Norsk stadnamnarkiv i 100 år. Stadnamn – språk, historie og landskap; namnevitskapen i går, i dag, i morgon». Målet med konferansen var å vise den lange forskningstradisjonen på feltet og bidra til å utvikle fagmiljøet for stadnamn. På konferansen var det både norske og nordiske innlegg.

Det tette samarbeidet med Kartverket om administrative sider ved stadnamnsaker har halde fram, og i 2021 har òg Sametinget vore med på desse møta. Samarbeidet gjev ei meir effektiv saksbehandling og betre kjennskap til kva dei ulike institusjonane gjer i arbeidet med forvaltning av stadnamnlova.

# Delmål 3



Språkpolitikken skal følgjast opp som eit sektorovergripande politikkområde.



Språkrådet  
hjelper helsesektoren  
med språkarbeid. Eit  
klart språk frå helse-  
aktørane har positiv  
effekt på heile  
befolkninga.

## Dette er språklova! Språkrådet informerer

I 2021 sette Språkrådet i gang eit stort informasjonsarbeid for å førebu statsorgan, fylkeskommunar og kommunar på den nye språklova, som tok til å gjelde 1. januar 2022. Det er stor interesse for lova og kva ho inneber for det offentlege og for privatpersonar.


Nettstaden språklov.no, som vart tilgjengeleg frå 1. januar 2022, inneheld først og fremst rettleiing til offentlege organ i alle sektorar om dei pliktene dei har etter lova. Fagrådsgjevarar har i samråd med juristen i Språkrådet greidd ut og skrive rettleiingstekstar om innhaldet i paragrafane. I samarbeid med firmaet Knowit gjennomførte vi ein omfattande ekstern brukartest på leiarar og medarbeidarar i staten, fylkeskommunar og kommunar. Brukartesten gjev oss viktig underlag både for vidareutviklinga av nettstaden og for kommunikasjonsarbeidet om språklova i tida framover.

Språklov.no skal òg innehalde tips til og døme på mønsterpraksisar for språkarbeid og etterleving av språklova. Hausten 2021 har NTB Arkitekt i samarbeid med Språkrådet samla inn døme på vellukka offentleg språkarbeid og god praksis som kjem språkbrukarane og offentlege organ til gode.

Språkrådet har sett i verk eigne tiltak for fylkeskommunane, som er ei spesielt viktig målgruppe for informasjon om den nye språklova. Hausten 2021 sende Språkrådet eit informasjonsskriv til alle fylkeskommunane. Skrivet skal følgjast opp med materiell og tilbod om tilpassa rådgjeving, lynlæringskurs om lova og digitalt nynorskurs.

Hausten 2021 kørde Språkrådet sosiale mediumkampanjen #seidetsomduer / #mittfavorittord om språkleg mangfald og språklova. Kampanjen var retta mot unge og unge vaksne. Føremålet med kampanjen var å spreie informasjon om språklova og språklege rettar. Favorittord-inngangen til språkleg mangfald engasjerte og gav konseptet eit konkret innhald på tvers av dei norske språka og minoritetsspråka, og målgruppa opplevde innhaldet som relevant. Eit samarbeid med YouTube-suksessen «Safari på safari» sikra kampanjen popularitet og god spreining i målgruppa: Safari bidrog med tre videoklipp med favorittord og døme på språkmangfald frå Noregs-safari i norsk- og samiskspråklege område i nord. Tre skuleklassar (ungdomsskule og vidaregåande skule) og nokre unge vaksne som vi rekrutterte, sende inn favorittord med personlege grunngjevingar og bilete til kampanjen. Med fleire titals kampanjepostar nådde kampanjen på ti veker fram til meir enn 150 000 personar. Vi trekte over 6000 lesarar til ei landingsside på språklov.no som viser korleis språklova er relevant for unge og unge vaksne, og kva for rettar språklova gjev. Lesarane var på landingssida i halvanna minutt i gjennomsnitt. Det kan tyde på at mange har fått med seg innhaldet i tekstane om språklova.

I eit samarbeid med Børge Lund, som står bak den populære teikneserien LUNCH, har vi i 2021 fått spesiallaga tre teikneseriestriper om språklova. Stripene skal brukast i nye sosiale mediumkampanjar retta mot tilsette i offentleg sektor og til anna marknadsføring, presentasjonar om lova og liknande.





## Språkrådet nådde meir enn 150 000 ungdommar med informasjon om språklova gjennom kampanjen #mittfavorittord.

### Språkdagen 2021

I språklovsproposisjonen blir det slått fast at språk i kunnskapssektoren har særleg stor innverknad på språkutviklinga elles i samfunnet. Sektoren er såleis viktig i det langsiktige strategiske arbeidet til Språkrådet. Det var derfor naturleg at nettopp språk i kunnskapssektoren vart temaet for Språkdagen, som er det største og viktigaste publikumsarrangementet til Språkrådet.

Med utgangspunkt i krava i lovproposisjonen deltok Kunnskapsdepartementet og fleire underliggjande organ med innlegg og i debattar, som skapte medvit om det språkpolitiske ansvaret til sektoren. Deltakarane vart spurde om korleis dei ville følgje opp dette ansvaret. Forskringsrådet meiner at norsk gjev forskinga forankring i samfunnet, og at ein må bruke norsk når ein skal formidle korleis resultatata av forskinga skal takast i bruk. Kunnskapsdepartementet signaliserte klart at departementet vil at norsk skal styrkjast som undervisnings- og forskingsspråk i alle fagdisiplinar, og at departementet kjem til å ta i bruk ulike verkemiddel for å få universiteta og høgskulane til å bruke norsk meir. Les om Språkdagen 2021 på side 26.

### Språk i grunnopplæringa

I 2021 har Språkrådet prioritert å levere eit grundig høyringssvar til framlegget til ny opplæringslov, som Kunnskapsdepartementet sende på høyring hausten 2021. Opplæringslova regulerer ei rekkje språkpolitiske område og er såleis òg ei viktig språklov. Retten til opplæring i og på eige

språk er ein føresetnad for at elevar skal kunne få god opplæring i det heile. Språkpolitikken legg vekt på at dei språklege interessene til elevane skal sikrast, og då må formelle rettar takast inn i opplæringslova. I høyringssvaret har Språkrådet kome med framlegg om korleis den nye opplæringslova best kan leggje til rette for å sikre måla for språkpolitikken i Noreg.

Språkrådet meiner at lovframlegget ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til språklova og den norske språkpolitikken, sjølv om Kunnskapsdepartementet føreslår enkelte lovendingar som kan styrkje språkrettane til elevane. Språkrådet har lagt vekt på at framlegget manglar dei grepa som må til for å sikre at elevane får opplæring i nynorsk også gjennom digitale læremiddel, og at dei konkrete føresegnene om læremiddel vil gje nynorskelevane dårlege læringsvilkår. Eit anna sentralt poeng i høyringssvaret til Språkrådet er at framlegget til ny opplæringslov i liten grad fremjar og vernar norsk teiknspråk i skulen, slik språklova seier at offentlege organ skal.

Når det gjeld kvensk og finsk, understrekar Språkrådet at retten til opplæring òg må gjelde for elevar i vidaregåande skule, same kvar i landet ein elev er busett, og same kva etnisk bakgrunn eleven har. Retten til læremiddel må følgje av retten til opplæring og dermed gjelde også for elevar som får opplæring i nasjonale minoritetsspråk.

Departementet har ikkje vurdert ein rett til opplæring i romanes eller romani. Språkrådet meiner det vil få store konsekvensar for den enkelte



eleven med romanes- eller romanispråkleg bakgrunn dersom desse språka ikkje blir inkluderte i opplæringslova. Det vil òg få store språkpolitiske konsekvensar for desse to svært utsette norske minoritetsspråka. Språkrådet meiner det vil vere vanskeleg å få til fremjing og vern av nasjonale minoritetsspråk om ikkje arbeidet startar i skulesektoren. Så lenge romanes og romani ikkje har nokon plass i opplæringa, vil det vere vanskeleg å få til andre effektive tiltak for å nå dei langsiktige politiske måla som er sette for minoritetsspråka våre.

### Språkrådet hjelper helsesektoren med språkarbeid

Store aktørar i helsesektoren tek språkpolitisk ansvar, mellom anna for harmonisering av omgrep, terminologiarbeid, og klart språk i helserelaterte tekstar og krisekommunikasjon. Språkrådet har medverka til dette ved å arrangere eit digitalt seminar om helsespråk saman med mellom andre Tidsskriftet for Den norske legeforening, Direktoratet for e-helse og Helse sør-aust. Artiklar frå

konferansen er publiserte som eit supplement til Tidsskriftet Michael, som Det norske medicinske Selskab gjev ut.

Seminaret og bokutgjevinga i 2021 sette helsespråk på dagsordenen og samla sentrale aktørar i helsesektoren. Seminaret hadde bortimot 500 deltakarar på sjølve dagen, og opptaket lever vidare på YouTube med mange visningar i ettertid. Boka vart teken svært godt imot, og artiklar frå boka har vorte republiserte i mellom anna Språknytt, Tidsskrift for Den norske legeforening og andre helsefagblad. Boka har òg fått brei omtale i den medisinske fagpressa, og ho er meld i fleire tidsskrift.

Språkrådet har prioritert desse tiltaka fordi eit klart og forståeleg språk frå sentrale helseaktørar kan få positive verknader for store delar av befolkninga. Arbeidet med utvikling av terminologi på nynorsk i helsesektoren vil dessutan ha ringverknader for heile sektoren, og det blir avgjerande for at helsesektoren skal kunne kommunisere med innbyggjarane i Noreg både på bokmål og nynorsk.



Gjennom seminaret og bokutgjevinga i 2021 har språket i helsesektoren fått mykje merksemd. Språkrådet vil følgje opp med tiltak i 2022.

### Klart og digitalt: samarbeid om godt språk i regelverk

Eit godt døme på sektoransvar ser vi i arbeidet med digitaliseringsvenleg regelverk. Språkrådet har samarbeidd med Digitaliseringsdirektoratet og andre for å få språklege råd inn i den statlege rettleiaren for digitaliseringsvenleg regelverk.

Den statlege rettleiaren frå Digitaliseringsdirektoratet inneheld ei lenkje til Språkrådets eige rettleiingshefte *Godt språk i regelverk*. Målgruppa for denne publikasjonen er juristar i alle sektorar, og Språkrådet har i 2021 spreidd informasjon om heftet både gjennom nettseminar og gjennom innlegg for departement. Slik har vi nådd dei rette fagmiljøa med gjennomarbeidde og kvalitetssikra skriveråd. Rettleiingsheftet er trykt i to opplag og førebels sendt ut i over 1000 eksemplar. Språkrådet har dessutan gjeve råd direkte til den aktuelle målgruppa gjennom ein serie på ni artiklar i det digitale juridiske tidsskriftet *Juridika Innsikt*.

Artiklane inneheld råd om klart språk i juridiske tekstar. Dei har gode lesartal samanlikna med andre saker, og tilbakemeldingane tyder på at råda blir brukte. Målet med artiklane er å gje ein-til-mange-råd og å treffe dei rette målgruppene i kjelder som dei les til vanleg. Den venta effekten er auka medvit og kunnskap om kva for språklege grep som skal til for å gjere juridiske tekstar meir forståelege. Artiklane har ført til stor etterspurnad etter rettleiingsheftet *Godt språk i regelverk*.

Språkrådet har i 2021 prioritert å hjelpe Kunnskapsdepartementet med språket i framlegget til opplæringslov, som er på nynorsk. Samarbeidet med Kunnskapsdepartementet om språkleg kvalitetssikring av ny UH-lov vart starta i 2021 og held fram i 2022. Begge desse lovene blir bruka av mange, og dei er sentrale lover i kunnskapssektoren, ein sektor som Språkrådet prioriterer. Den venta effekten av arbeidet er språkleg gode, forståelege og korrekte lovtekstar. Dersom opplæringslova blir skriven på god nynorsk, vil det dessutan vonleg ha positiv verknad på den store tekstmassen som spring ut av lova, til dømes forskrifter, rettleiingar og læreplanar.





Eit godt døme på sektoransvar er arbeidet med digitaliseringsvenleg regelverk, som òg Språkrådets rettleiingshefte *Godt språk i regelverk* inngår i.

### Språkrådet hjelper det offentlege med å dele språkdata for gjenbruk

For å auke tilfanget av språkressursar som kan brukast ved utvikling av språkteknologi på norsk, har Digitaliseringsdirektoratet, Språkrådet og Nasjonalbiblioteket ved Språkbanken utarbeidd ein rettleiar for innlevering av språkdata frå offentlege organ. Rettleiaren er tilgjengeleg på nettsidene til Digitaliseringsdirektoratet, han er lenkja til i Digitaliseringsrundskrivet, og Språkrådet har presentert han i eit innlegg på *Fagleg arena for informasjonsforvaltning og deling av data*. Språkrådet har med det medverka til at offentlege organ får informasjon om korleis dei kan dele språkdata dei har utvikla. Det er ein føresetnad for utvikling av treffsikker språkteknologi på norsk.

### Språkrådet gjev statsorgana råd om rettskriving og namneval

Nokre store namnebyte har prega 2021. I starten av året vart Fylkesmannen til Statsforvaltaren, og det vart oppretta nye statsorgan i kunnskapssektoren. Alle statlege verksemdar som er omfatta av lov om målbruk i offentleg teneste, skal ha namneformer på både nynorsk og bokmål, dersom det ikkje høver med ei felles namneform. Namn i staten skal dessutan følgje norsk rettskriving. Statsorgan skal konsultere Språkrådet før dei gjer framlegg om nytt namn. Språkrådet gjev då råd i tråd med retningslinjene for namnesetjing, som er publiserte på nettsidene våre.

I 2021 har Språkrådet oppretta gode rutinar for denne rådgjevinga. Råda våre blir til ein viss grad følgde, men vi ser at ulik namneform på bokmål og nynorsk gjer at den nynorske namneforma ofte forsvinn i tekniske løysingar som nettsider og e-postadresser. Eit døme er *Statsforvaltaren/Statsforvalteren*. Namnet har to former, men ein kjem berre til statsforvalteren.no om ein skriv statsforvaltaren.no i ein nettlesar. Språkrådet har presisert for arbeidsutvalet til Statsforvaltaren at slike val slår negativt ut for det minst bruka av dei to jamstilte norske språka, nynorsken.


### Godkjenning av ordbøker og ordlister til skulebruk

*Den store bokmålsordboka* frå Kagge Forlag vart fullført i 2021, og boka er godkjend til skulebruk etter at Språkrådet har hatt kontakt med forfattaren over fleire år. Det har vore eit nokså omfattande arbeid. Etter opplæringslova (§ 9-4) skal Språkrådet godkjenne alle ordbøker og ordlister for norsk til bruk i skulen. Vi har fått vite at fleire ikkje-godkjende ressursar er i bruk i skulen, og i 2022 vil vi prioritere å følgje opp dette overfor både skuleeigarane, forlaga og utdanningsstyresmaktene. Dette er svært viktig for å styrkje normkunnskapen i skulen.

# Delmål 4



Det skal vere god systematikk i forvaltning og tilsyn med lovverket på språkfeltet.



Språkrådet  
retteier offentlege  
organ i alle sektorar  
om dei pliktene dei  
har etter den nye  
språklova.

## Språkrådet lagar rettleiing til verksemder som har oppgåver etter språklova

I 2021 sette Språkrådet i gang eit stort informasjonsarbeid for å førebu statsorgan, fylkeskommunar og kommunar på den nye språklova, som tok til å gjelde 1. januar 2022. Det er stor interesse for lova og for kva ho inneber for det offentlege og for privatpersonar.

Nettstaden språklov.no, som vart tilgjengeleg frå 1. januar 2022, inneheld først og fremst rettleiing til offentlege organ i alle sektorar om dei pliktene dei har etter lova. Fagrådgjevarar i Språkrådet har greidd ut og skrive rettleiingstekstar om innhaldet i paragrafane i samråd med juristen i Språkrådet. Informasjonsarbeidet er presentert under delmål 3 på s. 52.

## Språkrådet utviklar tilsynsarbeidet

I tilsynet med etterleving av målbruksreglane har Språkrådet i 2021 teke i bruk eit digitalt verktøy for innhausting av målbruksdata, Målfrid. Målfrid er presentert under delmål 1 på s. 40 i samband med det overordna målet for tilsynsarbeidet: at alle språkbrukarar i Noreg skal få møte og bruke språket sitt, og at offentlig sektor skal ta eit særleg ansvar for nynorsk som det minst bruka av dei to norske skriftspråka. Effektmåla er at det skal bli enklare for statsorgana å rapportere, og at Språkrådet skal få eit sikrere grunnlag for tilsyn og tilbakemelding. Resultata er så langt svært gode. Alt tilfang på nett blir hausta inn automatisk og analysert. I tilsynsrapporten får statsorgana tilbakemelding på målvekslinga på nett, i sosiale medium og i skjema og digitale sjølvbeteningsløysingar.

Sidan 2021 var det første året Språkrådet hausta inn og analyserte teksttilfanget automatisk, har vi ikkje samanlikna tala for 2020 med tala frå tidlegare år. Ei samanlikning av tala frå rapporteringsåret med tala frå tidlegare år vil vi først kunne gjere frå rapporteringsåret 2021.

Tilsynet er styrkt fordi Språkrådet har sikrere tal å basere tilsynsdialogen på, og fordi langt fleire statsorgan faktisk rapporterer. For rapporteringsåret 2020 fekk vi inn rapportar frå 148 statsorgan etter den nye løysinga, mot 118 rapportar for rapporteringsåret 2019, då vi nytta gamal løysing. Språkrådet får svært positive tilbakemeldingar på Målfrid, og mange statsorgan har i 2021 teke kontakt for å få hjelp til å veksle meir mellom skriftspråka.

## Fylkeskommunane får nytt språkansvar

Med språklova får fylkeskommunane eit utvida språkansvar. I tråd med føringane i tildelingsbrevet for 2021 har Språkrådet sett i verk særskilde tiltak for å gje fylkeskommunane informasjon, råd og rettleiing om korleis dei kan oppfylle dei nye pliktene. Vi sende ut eit rundskriv til dei 11 fylkeskommunane der vi informerte om kva rettar og plikter dei får etter språklova.

Vi sette òg i gang arbeidet med ei større informasjons- og tilbodspakke som fylkeskommunane kan bruke i 2022. Pakka inneheld eit lynlæringskurs som er skreddarsydd for tilsette i fylkeskommunane, og eit tilbod om oppfølgingssamtalar og nynorsk kurs i regi av Språkrådet.

Språkrådet er ikkje pålagt å føre tilsyn med korleis fylkeskommunane etterlever reglane i lova, men skal rettleie alle offentlege organ når det trengst, jf. § 19 fjerde ledd i språklova.

## Stø kurs for stadnamn

Utlysinga av tilskotsordninga i 2021 vart delt av mange, både i sosiale medium og på fleire nettstader. Det skjedde etter at Språkrådet tok direkte kontakt med institusjonar og organisasjonar som arbeider med kultursaker, særleg lokalhistorie og språk (norsk, samisk og kvensk). Dermed kom det òg fleire søknader om tilskotsmidlar enn tidlegare år. Registreringsbasen er overført til Universitetet i Bergen og skal utviklast vidare der.



Stadnamnportalen til universitetet vart lansert under stadnamnkonferansen 2021 og er eit resultat av engasjementet for samlingane og samarbeid med Språkrådet.

Språkrådet har òg utvikla eit e-læringskurs i stadnamnarbeid og arbeider med å gjere kurset kjent i dei aktuelle brukargruppene. Sjå rapporteringa under delmål 2 på side 49. Kurset skal gje meir kunnskap og betre saksbehandling i stadnamnforvaltninga over heile landet.

### Betre kunnskap om språkteknologiske grunnlagsressursar

I 2021 har Språkrådet gjennom seminaret «Kan roboten egentlig snakke?» i samarbeid med Nasjonalbiblioteket medverka til å skaffe meir kunnskap om språkteknologiske ressursar for norsk. Ein del av seminaret vart gjennomført som ein arbeidsverkstad i det europeiske språkteknologisamarbeidet European Language Resource Coordination (ELRC). Denne arbeidsverkstaden munna ut i ein rapport, som mellom anna inneheld informasjon om stoda for utvikling av

språkteknologiske ressursar i Noreg. Oppsummert kan ein seie at mengda med grunnlagsressursar for både bokmål og nynorsk har auka monaleg dei siste åra, men at det framleis trengst fleire omsetjingsminne, områdespesifikke ressursar og meir bevisstgjerjing om deling av språkdata. Seminaret og rapporten medverkar til at utviklinga av språkteknologiske ressursar for norsk får rett retning og prioritering.

I 2021 har Språkrådet arbeidd med å samle inn data til ELE-rapporten for norsk språkteknologi. ELE står for European Language Equality, og målet med prosjektet er å leggje føringar for korleis ein kan sikre likeverd for dei europeiske språka innan 2030. Første steg er å kartleggje stoda i dag, for seinare å setje inn ressursar der det krevst. Kwart land skriv sin rapport. Landrapportane skal lanserast i februar 2022, og på grunnlag av dei vil det kome eit «vegkart» for heile Europa, eit kart som viser korleis ein skal gå fram for å halde det europeiske språkmangfaldet ved lag i eit digitalt samfunn. Ein slik rapport for norsk vart sist laga i 2012. Rapporten, som blir lansert i 2022, vil bli eit svært viktig verktøy i det vidare arbeidet med





utvikling av grunnlagsressursar for norsk. Særleg vil det vere nyttig å kunne samanlikne situasjonen i Noreg med andre europeiske land.

### **Språkrådet skaffar kunnskap om og analyserer språksituasjonen**

Språkrådet har skrive *Språkstatus 2021*, som er ein statusrapport om norsk språk, nasjonale minoritetsspråk, norsk teiknspråk og språksituasjonen generelt i Noreg i 2021. Rapporten er basert på statistikk og kunnskap som Språkrådet har samla inn, og er delt inn i kapittel etter sentrale samfunnsområde i Noreg. Det er femte gongen Språkrådet lagar ein slik rapport, og 2021-rapporten er meir omfattande enn tidlegare rapportar. Rapporten gjev viktig informasjon om språkutviklinga i samfunnet og peikar samstundes ut område der det trengst meir statistikk og kunnskap.

*Språkstatus* fekk mykje merksemd då han vart lansert. Mellom anna publiserte Dag og Tid ei melding av rapporten, og Språkrådet deltok i ordskiftet som følgde. Dei sektorvise enkeltkapitla vart trykte opp som eigne publikasjonar og distribuerte til dei nye statsrådene etter stortingsvalet hausten 2021, saman med eit skriv med informasjon om dei viktigaste språkpolitiske utfordringane i sektoren som kvar og ein av statsrådene har ansvaret for. Språkrådet har bruka og vil halde fram med å bruke både hovudrapporten og sektorrapportane til å formidle informasjon om det språkpolitiske ansvaret til ulike sektorar. Funna frå *Språkstatus* er dessutan eit viktig steg på vegen mot utvikling av indikatorar som kan brukast til å måle verknaden av språkpolitikken.

Les meir om *Språkstatus* på side 32.



Foto: Oda Hveem



*Språkstatus 2021* gjev viktig informasjon om språkutviklinga i samfunnet og peikar samstundes ut område der det trengst meir statistikk og kunnskap.

### Språkrådet utviklar eigen kompetanse

Arbeidet med *Språkstatus* har òg ført til fagleg utvikling og kompetanseheving internt i Språkrådet.

Språkrådet er prosjekteigar for ein offentleg sektor-ph.d. der Universitetet i Bergen er fagleg ansvarleg for arbeidet til ph.d.-kandidaten. Målet for arbeidet er å undersøkje kva som skal til for at norsk offentleg språkpolitikk skal kunne implementerast som ein sektorovergripande politikk.

Språkrådet er òg prosjekteigar for ein offentleg sektor-ph.d. der Noregs miljø- og biovitskaplege universitet er fagleg ansvarleg for arbeidet til ph.d.-kandidaten. Målet for arbeidet er å få innsikt i kva oppfatningar om og haldningar til namnesetjing og namnevern innbyggjarane og

vedtaksorgana i kommunane har, og i kva grad oppfatningane er i samsvar med grunnlaget for den offentlege forvaltninga av stadnamn.

Språkrådet har i 2021 kursa medarbeidarar i prosjekt- og prosessleiing for å setje organisasjonen betre i stand til å vidareutvikle gode system for å forvalte regelverket på språkfeltet og føre tilsyn med korleis det blir etterlevd.


# Normeringsvedtak 2021

## Vedtak som gjeld både bokmål og nynorsk

Før	Endring	No
<i>berbisk</i> (språknamn og adjektiv)	endra form	<i>berbersk</i>
<i>jakutisk</i> eller <i>sakha</i>	<i>jakutisk</i> går ut	<i>sakha</i>
<i>panjabi</i>	<i>pandsjabi</i> kjem inn som valfri form	<i>pandsjabi</i> eller <i>panjabi</i>
<i>tigré</i>	ny skrivemåte utan aksent	<i>tigre</i>
<i>wolof</i>	ny skrivemåte	<i>volof</i>
namn på ei rekkje andre språk	normert ved vedtak, somme justeringar av tidlegare normering	søk på «navn vedtatt 24. februar 2021»
<i>samoansk</i> (språknamn og adjektiv)	endra form	<i>samoisk</i>
<i>bulleteng</i>	<i>bulletin</i> kjem inn som valfri form	<i>bulleteng</i> eller <i>bulletin</i>
<i>citer</i> eller <i>siter</i>	forma <i>citer</i> går ut	<i>siter</i>
<i>snaksy</i>	<i>snacksy</i> kjem inn som valfri form	<i>snacksy</i> eller <i>snaksy</i>
<i>e(i)t tips</i> 'drikkepengar'	endring frå inkjekjønn til hankjønn	<i>e(i)n tips</i>
<i>e(i)n</i> eller <i>e(i)t kandidat</i> , <i>klaviatur</i> , <i>klimaks</i> , <i>knis</i> , <i>kolesterol</i> , <i>komp</i> , <i>kompass</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre inkjekjønn	<i>e(i)t kandidat</i> , <i>klaviatur</i> , <i>klimaks</i> , <i>knis</i> , <i>kolesterol</i> , <i>komp</i> , <i>kompass</i>
<i>e(i)n case</i>	endring frå hankjønn til valfritt han- eller inkjekjønn	<i>e(i)n</i> eller <i>e(i)t case</i>
<i>e(i)t tapet</i>	endring frå inkjekjønn til valfritt han- eller inkjekjønn	<i>e(i)n</i> eller <i>e(i)t tapet</i>
<i>pashtuner</i> eller <i>pathaner</i> (bokmål), <i>pashtunar</i> eller <i>pathanar</i> (nynorsk)	forma på <i>pathan-</i> går ut, endring av skrivemåte	<i>pasjtuner</i> (bokmål), <i>pasjtunar</i> (nynorsk)
<i>breikdans</i>	ny skrivemåte	<i>breakdans</i>
<i>pantry</i> eller <i>penteri</i>	forma <i>penteri</i> går ut	<i>pantry</i>
<i>prosjektør</i> eller <i>projektor</i>	forma <i>prosjektør</i> går ut i tydinga 'apparat til å vise fram lysbilete med på ein skjerm eller liknande', mens <i>projektor</i> kjem inn	<i>projektor</i> eller <i>prosjektor</i>
<i>saucisse</i> eller <i>såsiss</i>	forma <i>saucisse</i> går ut, mens <i>såsiss</i> blir endra til <i>sosiss</i>	<i>sosiss</i>



Forma *hol* går ut, mens *høl* kjem inn.



### Vedtak som berre gjeld nynorsk

Før	Endring	No
<i>derne</i>	<i>derre</i> kjem inn som valfri form i funksjonen som determinativ	<i>derne</i> eller <i>derre</i>
<i>herne</i>	<i>herre</i> kjem inn som valfri form i funksjonen som determinativ	<i>herne</i> eller <i>herre</i>
<i>eit klikk</i> 'smell, knepp; bomskot; feil'	endring frå inkjekjønn til valfritt han- eller inkjekjønn	<i>ein</i> eller <i>eit klikk</i>

### Vedtak som berre gjeld bokmål

Før	Endring	No
<i>hol</i> eller <i>hull</i>	forma <i>hol</i> går ut, mens <i>høl</i> kjem inn	<i>hull</i> eller <i>høl</i>
<i>hole</i> eller <i>hulle</i> (verb)	forma <i>hole</i> går ut, mens <i>høle</i> kjem inn	<i>hulle</i> eller <i>høle</i>
<i>kol</i> eller <i>kull</i>	forma <i>kol</i> går ut, mens <i>køl</i> kjem inn	<i>kull</i> eller <i>køl</i>
<i>kole</i> eller <i>kulle</i> (verb)	forma <i>kole</i> går ut, mens <i>køle</i> kjem inn	<i>kulle</i> eller <i>køle</i>
<i>har dritet</i> eller <i>har dritt</i>	forma <i>har dritet</i> går ut	<i>har dritt</i>
<i>driten</i> – <i>dritet</i> – <i>dritne</i> / <i>dritt</i> – <i>dritt</i> – <i>dritte</i> (perfektum partisipp)	formene før skråstreken går ut	<i>dritt</i> – <i>dritt</i> – <i>dritte</i>
<i>tipp</i> eller <i>tips</i> 'opplysning, råd; drikkepengar'	forma <i>tipp</i> går ut	<i>tips</i>
<i>snegl</i> eller <i>snile</i>	<i>snegle</i> (hankjønn) kjem inn som valfri form	<i>snegl</i> eller <i>snegle</i> eller <i>snile</i>
<i>en</i> eller <i>et klirr</i> , <i>klynk</i> , <i>knepp</i> , <i>knirk</i> , <i>knyst</i>	endring frå valfritt han- eller inkjekjønn til berre inkjekjønn	<i>et klirr</i> , <i>klynk</i> , <i>knepp</i> , <i>knirk</i> , <i>knyst</i>

# Prisar og publikumsarrangement



Foto: John Erik Bøe Lindgren

## Nynorskpris til kommune i pressområde

Ål kommune fekk prisen Årets nynorsk-kommune for 2021. I finalen hadde Ål kommune sterk konkurranse frå Herøy, Stad og Kvinnherad kommunar. Desse tre kommunane, som alle ligg i trygge nynorskområde, syner solid språkleg sjølvkjensle og er gode døme på korleis ein kommune kan halde nynorsken oppe som bruks- og kulturspråk. I konkurransen var det likevel Ål kommune som trekte det lengste strået. Kommunen har alt på stell, med målbruksplan og språkmålsetjingar i planverk og strategidokument, og arbeider systematisk med næringsliv, kulturliv, skule, barnehage og kommuneadministrasjon for å styrkje nynorsk som brukspråk. Kommunen imponerer særleg ved medviten bruk av nynorsk i kultur- og næringsliv.

Ål kommune ligg i eit område der nynorsk ikkje er eit sjølv sagt språkval. Juryen meinte derfor at det er ekstra viktig at kommunen legg til rette for at innbyggjarane skal få møte og bruke nynorsk.

Statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel i Kunnskapsdepartementet delte ut prisen under eit arrangement på Litteraturhuset i Oslo 22. november 2021.

**«Prisen betyr at arbeidet vi gjer for å sikre nynorskopplæring for barn og unge i kommunen, blir sett og verdsett. Med denne prisen i ryggen kan vi arbeide vidare for å sikre det språklege mangfaldet. Som norsk-lærer sjølv veit eg at elevane får ei språkleg gåvepakke ved å lære nynorsk først. Det gjev dei auka språkleg kompetanse og forståing.»**

Ordførar Solveig Vestenfor i Ål kommune



Foto: ungdom.kvener.no

## Kvenungdommen heidra for godt språkarbeid

Organisasjonen Kvääninuoret – Kvenungdommen fekk den kvenske språkprisen for 2021. Prisen vart delt ut under ei 40 minutts sending på NRK Kvensk på den kvenske språkdagen 26. april. Språkrådet produserte sendinga, som vart teksta på kvensk. På programmet stod ein samtale mellom leiar for Kvääninuoret, Åsne Kummeneje Mellem, og språkdirektør Åse Wetås. Arrangementet hadde fleire innslag med scenekunst som synte fram kvensk språk og kultur. Åsne Kummeneje Mellem sa under prisutdelinga at fleirkulturell ungdom finn tryggleik i å lære om kvenene og sjå at Noreg alltid har vore eit fleirkulturelt samfunn.

Juryen la vekt på at Kvääninuoret representerer framtidens kvener, og at organisasjonen slik er med på å bringe det kvenske språket inn i framtida. Kvääninuoret har gjort ein særleg viktig innsats for å ta kvensk i bruk på internett og i sosiale medium.



Foto: John Erik Bøe Lindgren

## Språkprisen

Katrine Sele fekk Språkrådets språkpris for framifrå bruk av norsk i sakprosa i 2021. I grunn-gjevinga trekte juryen fram at Sele har «utvikla ein konsistent, eigenarta portrettkunst i skrift». Prisen vart overrekt på Litteraturhuset i Oslo den 23. oktober, under sakprosafestivalen i regi av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Katrine Sele møtte jury medlem Kaja Schjerven Mollerin til ein samtale frå scena. Arrangementet vart strøymt og teiknspråktolka.



Foto: Johnny Vaet Nordskog

## Språkdagen 2021

På Språkdagen den 9. november kunne publikum møte NRK-journalist Espen Aas, kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen, jurist Sofie Høgestøl, språkdirektør Åse Wetås og mange andre kloke hovud.

Det er framleis mogleg å møte dei på YouTube, der dei byr på innlegg og debattar om aktuelle saker som gjeld den nye språklova.

Les om Språkdagen på side 26.

# Internasjonalt samarbeid

## Internasjonalt stadnamnarbeid

Språkrådet er deltakar i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names). UNGEGN arbeider for at kvart av medlemslanda skal ha eit nasjonalt organ som autoriserer stadnamn, og nytte nasjonalt standardiserte namneformer i internasjonale samanhengar. Sidan 2017 har Noreg, ved Språkrådet, vore leiar for den nordiske divisjonen i UNGEGN. Den nordiske divisjonen har gjennom mange år arbeidd for å løfte fram stadnamn som kulturminne.

Til plenumsmøtet i 2021 valde Noreg å vise fram det nye e-læringskurset frå Språkrådet om stadnamnarbeid og stadnamnlova. Kurset har overføringsverdi, sidan innhaldet kan brukast i stadnamnarbeidet i andre land. Noreg har hausta ros for tiltaket.

## Internasjonalt klarspråkssamarbeid

Språkrådet har framleis leiarvervet i Plain Language Association International (PLAIN), ein internasjonal klarspråksorganisasjon med medlemmer i over 30 land. I 2021 har PLAIN saman med to andre internasjonale klarspråksorganisasjonar skipa til den digitale konferansen *Access for all – Plain language is a human right*. Konferansen samla over 400 deltakarar frå heile verda.

Språkrådet sit òg i den internasjonale ekspertkomiteen som formar innhaldet i ein ISO-standard for klarspråk. Språkrådet deltek i desse internasjonale foruma for å gje status til klarspråksarbeidet nasjonalt og for å skaffe oppdatert kunnskap på området.

ISO-standarden for klarspråk inneheld generelle prinsipp og retningslinjer for klarspråk. Det er sannsynleg at standarden både vil heve statusen til klarspråksarbeidet i Noreg og lette og profesjonalisere det. Ekspertkomiteen sende eit endeleg framlegg til ISO i 2021. I 2021 har komiteen òg arbeidd for å bruke direkte tiltale i sjølve standarden, det vil seie å skrive «du/de» i staden for «ein» eller bruke passivformer i råda og tilrådingane. Dette er viktig fordi eit av dei berande klarspråksprinsippa, som òg er nedfelt i sjølve standarden, er at ein bør nytte eit direkte språk og direkte tiltale. Dersom ekspertgruppa får gjennomslag for å nytte direkte tiltale i denne standarden, kan det opne for direkte tiltale i andre standardar. Slik kan standarden i seg sjølv bli meir i tråd med klarspråksprinsippa.

## Europeisk samarbeid

Språkrådet deltek i European Federation of National Institutions of Language (EFNIL) og er også i denne perioden representert i styret i EFNIL. Samarbeidet med andre europeiske nasjonale språkinstitutt og språknemnder gjev verdifull innsikt i og kunnskap om den språkpolitiske stoda og utviklinga i Europa. Dei sentrale EFNIL-prosjekta *European Language Monitor* (ELM) og *European Languages and their Intelligibility in the Public Sphere* (ELIPS) og deltakinga i det store EU-finansierte prosjektet *European Language Equality* (ELE) står godt opp om arbeidet Språkrådet gjer i Noreg.

## Nordisk samarbeid

Nettverket for språknemndene i Norden (NSN) er samarbeidsorganet for språknemndene i Norden. Det administrative ansvaret for nettverket følger ordførarskapen i Nordisk ministerråd, og i 2021 var det Finland som hadde ansvaret. Nettverket har vedteke ein samarbeidsplan med prioriterte arbeidsfelt og har i 2021 arbeidd særleg med å følgje opp saksområdet språkteknologi (jf. nedanfor). I tillegg har nettverket arbeidd for å bli teke med på råd i arbeidet med ein revisjon av den nordiske språkdeklarasjonen. Eit stadig tilbakevendande strukturelt problem i denne sammenhengen er at språknemndene høyrer til kultursektoren i dei respektive medlemslanda, medan språkpolitikken på nordisk nivå er plassert inn under utdanningssektoren.

Språkrådet var i 2021 vertskap for *Nordisk språkmøte*, som er eit hovudtiltak i det nordiske nettverksamarbeidet. Sjå side 41 for nærare omtale.

Det langsiktige målet med samarbeidet i NSN er å styrkje det språkpolitiske arbeidet i det enkelte medlemslandet og styrkje den nordiske språkfellesskapen gjennom fellesprosjekt og deling av kunnskap og metodikk. Nettverket er finansiert med ei årleg løyving frå Nordisk ministerråd. Over tid har løyvinga vorte redusert, og i 2021 var den på DKK 250 000. Økonomien i nettverket er med dagens tildeling svært dårleg, og det er kome signal frå Nordisk ministerråd om at løyvinga frå og med 2022 vil bli råka av nye nedskjeringar. Dette vil gjere at det mangeårige nordiske språksamarbeidet som har vore drive gjennom NSN, truleg må avviklast.

Arbeidsgruppa for språkteknologi (ASTIN) er oppretta av språknemndene i Norden. ASTIN gjev råd og innspel til språknemndene om strategiske og politiske problemstillingar som gjeld språkteknologi, og arrangerer nordiske seminar og arbeidsverkstader. Samarbeidet gjev oss høve til å samanlikne og samordne teknologi og



## ASTIN-konferansen i 2021 viste kor viktig det er å samordne ressursutvikling, datadeling og språkpolitisk arbeid på språkteknologifeltet i Norden.

strategiar, slik at vi kan sikre dei små språka tilgang til store, internasjonale plattformer. I 2021 stod ASTIN for programmet på den digitale konferansen til *Nordisk språkmøte* i Oslo, der temaet var språkteknologi. Ønskt effekt av konferansen er betre samordning av ressursutvikling, datadeling og språkpolitisk arbeid på språkteknologifeltet i Norden.

I 2021 har Språkrådet hatt ei sentral rolle i det nordiske samarbeidet om teiknspråk. Samarbeidet er viktig for å synleggjere teiknspråka og utveksle kunnskap og informasjon om arbeidsmåtar mellom dei nordiske landa. I 2021 vart metastudien *Kunnskapsoppsummering om nordiske barn og unges tilgang til tegnspråk* lansert. Rapporten peikar på at den rettslege statusen til nordiske teiknspråk er styrkt, samstundes som viktige teiknspråkmiljø er svekte. Prosjektet *Nordisk tegntube* har i 2021 fremja teiknspråk blant unge i alderen 12–20 år gjennom ei nettside, ei Facebook-side og ein YouTube-kanal.

Språkrådet har representert Noreg i styringsgruppa for Nordterm – det nordiske samarbeidsforumet for terminologi. Finland hadde leiarvervet i 2019–2021, med ansvar for terminologikonferansen *Nordterm 2021*. Saman med Digitaliseringsdirektoratet heldt Språkrådet hovudinnlegget om omgrepsarbeid i samband med informasjonsforvaltning.

# Kommunikasjon

**Kommunikasjonsaktivitetar er viktige verktøy i arbeidet med å nå dei overordna strategimåla og måla i den gjeldande verksemdsplanen til Språkrådet.**

I 2021 har vi utarbeidd ein ny kommunikasjonsstrategi for Språkrådet. Strategien gjeld for perioden 2022–2024. Kommunikasjonsstrategien er ein strategi for heile Språkrådet og gjev alle tilsette råd om strategisk gode tilnærmingar i kommunikasjonen.

Strategien identifiserer dei viktigaste målgruppene for Språkrådet i åra som kjem, og han gjev kommunikasjonsarbeidet tydeleg retning og overordna mål. Strategien rettleier oss når vi skal utforme budskap som verkar, og hjelper oss å prioritere og samordne aktivitetane våre for perioden, slik at vi brukar kanalane effektivt.

# 1850

**medieomtalar av  
Språkrådet i 2021**

## Medieoppslag

Språkrådet blir mykje bruka av media over heile landet i saker som gjeld språk og språkpolitikk. Direktøren og fagseksjonssjefane har gjeve mange kommentarar og intervju både i tekst-, lyd- og biletmedium i 2021, og vi når ut i media gjennom innsal, pressemeldingar, kronikkar og nettstaden vår. Vi ser òg at kunngjeringane av aktivitetar og saker i sosiale medium og andre kanalar i stadig større grad blir fanga opp av journalistar.

Tal frå Retriever viser at det var omkring 1850 medieomtalar av Språkrådet i 2021. Det har vore mykje debatt om norsk fagspråk og trugselen frå engelsk i forskning, formidling og undervisning i universitets- og høgskulesektoren, både i fagpressa og andre medium. Det har òg vore eit ordsifte om norske namn på offentlege organ og underliggjande einingar. Språkrådet har delteke i debattane i fleire kanalar. Fagspråkdebatten på Språkdagen 2021 og medieaktivitetar før og etter arrangementet skapa òg meir merksemd om norsk fagspråk.

Mellom dei andre sakene som fekk mange og gode oppslag i 2021, var kåringa av årets ord og utdelinga av prisen «Årets nynorsk-kommune». Nynorsk-kommunen fekk merksemd i kanalar som NRK radio, Dagsrevyen og TV2, og i mentometer-appen til NRK Super.



## Språkrådet.no

I 2021 var det om lag 4,2 millionar unike sidevisningar på språkrådet.no. I heile 2021 har vi kommunisert i fleire kanalar for å fremje kjennskapen til og bruken av dei digitale ressursane til Språkrådet, som svarbasen, e-læringskursa og ordbøkene. Slik når vi fram med språkfaglege råd både til publikum og til tilsette i viktige sektorar, og vi bidreg til betre språkkompetanse i befolkninga på ein effektiv måte.

I tillegg til språkrådet.no driv Språkrådet nettstaden klarspråk.no. I 2021 har vi dessutan bygd opp nettstaden språklov.no, som blir svært viktig i arbeidet med å implementere den nye språklova i åra som kjem.

# 4,2

millionar unike sidevisningar  
på språkrådet.no

## Sosiale medium

Språkrådet har brukt sosiale medium til målretta spreiring av innlegg i 2021: Det har vore aktuelle innlegg om språkpolitikk eller språka vi har ansvar for, deling av saker frå språkrådet.no eller utspel i media og fremjing av arrangement der Språkrådet har vore arrangør eller medarrangør, og av publikasjonar og ulike digitale språkressursar. Vidare har vi gjennomført ein informasjonskampanje om språklova, retta mot unge språkbrukarar (15–35 år), som viser svært gode tal. Kampanjen nådde over 150 000 personar og genererte nesten 4 500 besøk til landingssida om språklova på språklov.no. Til saman hadde landingssida 6 043 besøk i kampanjeperioden. Les meir om kampanjen på side 52.

Språkrådet fekk 1 756 nye følgjarar på Facebook i 2021. Til saman har vi no 27 084 følgjarar. På Twitter har vi 17 578 følgjarar. Det er 1 089 fleire enn året før.

# 27 084

følgjarar på Facebook

# 17 578

følgjarar på Twitter



## Publikasjonar

Språkrådet har gjeve ut tre utgåver av Språknytt og tre utgåver av Statsspråk i 2021. Publikasjonane kjem ut både på papir og digitalt.

Språknytt er eit blad for alle språkinteresserte. Tidsskriftet tek opp alt frå språkpolitikk og dagsaktuelle saker til rettskriving og etymologi. Opplaget er på 10 400.

Språknytt 3/2021 var eit spesialnummer for Språkdagen og vart sendt ut til abonnentar og identifiserte mottakarar i målgruppene eit par veker før arrangementet. Bladet inneheldt artiklar og intervju som tematiserte og promoterte Språkdagen 2021.

Dei to andre utgåvene av Språknytt handla mellom anna om språk teknologi, journalspråk, språkstrategiar, språkmangfald, helsespråk og klarspråk i jussen.

Statsspråk er Språkrådets blad for godt språk i offentlig forvaltning. Hovudmålgruppa er tilsette i statsforvaltninga. Opplaget er på 12 000. I Statsspråk gjev Språkrådet konkrete, matnyttige og relevante språkråd til målgruppene. Vi gjev råd om arbeid med nynorsk i forvaltninga og inspirerer til bruk av klart og brukartilpassa språk.

Dei tre utgåvene i 2021 handla hovudsakleg om språklova og tok for seg

- arbeidet med stadnamn i stat og kommune og informasjon om Språkrådets nye e-læringskurs «Vegen til stadnamnet»
- korleis språklova kan hjelpe staten med å yte endå betre tenester til innbyggjarane
- ansvaret det offentlege har for å styrkje nynorsken, og dei nye reglane for veksling mellom nynorsk og bokmål





Foto: John Erik Bøe Lindgren

## Språkrådet på podkast


På seinsommaren i 2021 starta Språkrådet eit samarbeid med Navs språkpodkast «På godt NAVsk», som handlar om god kommunikasjon og brukartilpassa språk for tilsette i staten generelt og Nav spesielt. Nav er ein sentral aktør med stor rekkjevidde og er ei viktig målgruppe for Språkrådet. Språkdirektør Åse Wetås har vore fast gjest med ei eiga språkspalte i podkasten sidan samarbeidet starta. Frå siste sending 2021 og framover blir spalta ein fast direktørsamtale mellom Nav-direktør Hans Christian Holte og Åse Wetås om arbeid med språk i det offentlege.

## Språkdagen 2021

Språkdagen var eit hybrid TV-sendt arrangement i 2021, som året før. Erfaringane frå 2020 var svært gode. Vi nådde fram til langt fleire enn i tidlegare år. Med færre koronarestriksjonar enn i 2020 kunne vi ha inviterte gjester i studio og mingling med lunsj, og vi fekk utnytta kombinasjonen av fysiske møte og den digitale rekkjevidda betre. Under direktesendinga svara Språkrådet på spørsmål frå engasjerte sjåarar gjennom spørsmål-og-svar-tenesta Slido. Khrono, avisa for høgare utdanning og forskning, strøymde heile sendinga direkte til sine lesarar. I etterkant vart opptak av heile sendinga og debattane teksta og gjorde tilgjengelege. Opptaka vart spreidde målretta mot aktuelle målgrupper gjennom Språkrådets sosiale kanalar. Diskusjonstemaet i fagspråkdebatten frå Språkdagen fekk dessutan plass i Dagsnytt 18 same dagen og var tema i programmet Debatten i NRK den veka. Sjå eigen omtale av Språkdagen på side 26.

DEL IV

# Styring og kontroll i verksemda



Språkrådet  
arbeider for at alle  
statlege verksemdar  
skal gjere egne språk-  
data tilgjengelege  
for bruk i språk-  
teknologisk arbeid.

# Overordna vurdering av styring og kontroll

Det er ei utfordring å gjere ein risikoanalyse både som er tilpassa verkeområdet og oppgåvene til Språkrådet, og som er relevant i mål- og resultatstyringsarbeidet. Arbeidet i Språkrådet er sektorovergripande, og dei fleste tiltaka organisasjonen set i verk, skal gjennomførast utanfor kultursektoren.

Mange av dei viktigaste faktorane som kan hindre god måloppnåing i det samfunnsoppdraget Språkrådet har, ligg dermed utanfor Språkrådets kontroll. Organisasjonen arbeider systematisk for å nå så mange mål og ha så låg risiko som råd. Når Språkrådet skal utforme realistiske mål for arbeidet i verksemda, legg vi vekt på å identifisere faktorar som vi sjølve kan påverke. Dette er eit punkt som Språkrådet og Kultur- og likestillingsdepartementet jamleg drøftar i etatsstyringsdialogen.

## Språkrådet har desse styringsdokumenta:

- tildelingsbrev (med eventuelle tillegg)
- strategisk plan (vedteken av styret i Språkrådet)
- verksemds- og økonomiinstruks
- verksemdsplan for perioden
- Prop. 108 L (2019–2020): *Lov om språk*

Språkrådet har eigne risiko- og sårbarheitsanalysar, og spørsmål om risikostyring og risikovurdering blir jamleg drøfta i styret i Språkrådet.

# Nærmare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

## Forvaltning av tilskot

Språkrådet har ansvaret for den administrative forvaltninga av tilskot til språkorganisasjonar og språktiltak. Språkrådet sender tilskotsbrev, betalar ut dei tilskota som Stortinget fastset, og hentar inn og vurderer budsjettsøknader, rapportar og rekneskap frå tilskotsmottakarane. Språkrådet leverer vurdering av budsjettsøknader og rapportar til Kultur- og likestillingsdepartementet kvart år. Språkrådet forvaltar òg tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn.

Språkrådet har interne retningslinjer for arbeidet med tilskotsforvaltninga, inkludert rutinar for innhenting og behandling av søknader og rapportering, og rutinar for vedtak om tildeling.

## HMT og arbeidsmiljø

Språkrådet arbeider heile tida for å sikre eit godt arbeidsmiljø og for å førebyggje og redusere sjukefråværet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Det er ei utfordring å sikre eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for alle medarbeidarane i ein situasjon der arbeidsgjevaren av smitteverngrunnar skal leggje til rette for heimearbeid som hovudarbeidsform. Språkrådet har lagt vekt på tiltak som auka treningstid i arbeidstida, utlån av kontorutstyr til bruk på heimekontoret og opning for ein viss bruk av kontorlokala for medarbeidarar med særlege fysiske eller psykososiale behov for denne typen tilrettelegging. For å førebyggje

muskel- og skjelettplager har vi i 2021 saman med bedriftshelsetenesta kursa dei tilsette i god ergonomi på heimekontor.

Sjukefråværet i 2021 var 6,0 prosent, mot 5,8 prosent i 2020. Språkrådet arbeider systematisk med mellom anna trivsels- og treningstiltak for å halde sjukefråværet nede.

Språkrådet har avtale om bedriftshelseteneste med Avonova, som òg kan hjelpe til dersom det trengst krisepsykiatrisk hjelp.

## Likestilling og diskriminering

Både som arbeidsgjevar og som offentleg styresmakt arbeider Språkrådet målretta og planmessig for likestilling og mot diskriminering.

## Språkrådet som offentleg styresmakt

I strategien som er vedteken for Språkrådet for perioden 2020–2024, heiter det at innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møte og bruke språket sitt, til det beste for den enkelte og samfunnet. Strategien er gjort kjend for alle tilsette, og han er publisert på nettsida til Språkrådet. Målet med strategien er mellom anna å fremje likestilling og hindre diskriminering på språkleg grunnlag. Språkrådet skal arbeide for likestilling i all verksamd, og arbeidet vårt skal bidra til meir likestilling innanfor vår sektor. Vi har sett i verk ei rekkje tiltak for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i den daglege drifta.

Offentlege og private verksemdar tek ikkje alltid nok omsyn til språkleg mangfald og mindretalsrettar på språkfeltet. Grunnar til det kan vere at verksemdene ikkje fullt ut forstår det språkpolitiske ansvaret dei har, og at dei manglar kunnskap om konsekvensane av at språkbrukarane ikkje får rettane sine oppfylte. Språkleg mangfald og likestilling er eit område som ofte blir nedprioritert, og det blir ikkje sett av nok ressursar i den einskilde verksemda. Verksemdene manglar òg kunnskap om og engasjement for språkleg inkludering og mot språkleg diskriminering. Språkrådet arbeider for å fremje språkleg toleranse og hindre språkleg diskriminering gjennom mellom anna

- å setje i gang tiltak for å styrkje ei meir reell jamstilling av nynorsk og bokmål og tiltak som skal sikre interessene og rettane til mindretalspråkbrukarane i møte med det offentlege
- å fremje språkleg mangfald, norsk teiknspråk, nasjonale minoritetsspråk og nyare minoritetsspråk i Noreg
- å fremje klart og brukartilpassa språk og klart juridisk språk, som mellom anna skal sikre rettane og rettstryggleiken til ulike grupper av språkbrukarar og lik tilgang til informasjon
- å sikre at mangfald og likestilling blir spegla i ordbøkene til Språkrådet og Universitetet i Bergen
- å tilby systematisk rådgjeving om kjønnsnøytrale titlar på yrke, embete og statsorgan
- å tilby rådgjeving om bruk av sensitive ord
- å sikre grunnlagsressursar for språkteknologi som kan gje språkbrukarar lik tilgang til offentlege tenester og høve til å ta del i samfunnet
- å gje tilskot til språkorganisasjonar som representerer og arbeider for språkleg mangfald

- å undersøkje korleis tilsette på fleirspråklege arbeidsplassar kan få opplæring i norsk språk
- å vere ein pådrivar for at alle delar av offentlig sektor tek språkpolitisk ansvar

Det er vanskeleg å måle effekten av kvart av desse tiltaka. Det ser ut til at vi på mange område skapar auka medvit om språkleg toleranse, og at arbeidet vårt bidreg til å redusere den språklege diskrimineringa i samfunnet. Språkrådet vil halde fram arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering på språkleg grunnlag.

## Språkrådet som arbeidsgjevar


Språkrådet er ei relativt lita statleg verksemd og kan lett avdekkje risikoar knytte til likestilling og diskriminering. Som offentlig arbeidsgjevar har Språkrådet plikt til å arbeide for å fremje likestilling og hindre diskriminering på arbeidsplassen gjennom ein firestegs arbeidsmetode:

- 1 undersøkje risikoar for diskriminering og hinder for likestilling og kartleggje tilstanden for likestilling mellom kjønn
- 2 analysere årsakene til risikoane
- 3 setje i verk tiltak
- 4 vurdere resultat

Likestillingsarbeidet i Språkrådet er forankra i personalpolitikken og styringsdokumenta, mellom anna dei fellesføringane som følgjer av dei årlege tildelingsbrevane frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Saman med vernetenesta og organisasjonane til dei tilsette arbeider leiinga i Språkrådet målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunnlag av mellom anna kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetjing og seksuell orientering. Det inneber at vi vil vere i framkant med å identifisere likestillingsutfordringar i organisasjonen og setje inn korrigerande tiltak. Likestilling har i 2021 jamleg vore tema i møte med fagforeiningane og vernetenesta, også

## Likestilling

	Alle stillingar			Leiarstillingar			Løn
	Menn	Kvinner	Tal på tilsette	Menn	Kvinner	Tal på leiarar	Kvinner/menn
2020	44	56	39	40	60	5	99,7
2021	39	61	41	60	40	5	97,1



Tala i kolonnane «Menn», «Kvinner» og «Kvinner/menn» er i prosent.

i samband med dei lokale lønsforhandlingane. Vi har særleg vurdert kva konsekvensar pandemien kan ha for likestillinga.

Språkrådet har i 2021 kartlagt lønstilhøve fordelt etter kjønn. Tabellen over viser delen menn og kvinner i prosent av tilsette totalt og tilsvarande for leiarstillingar i Språkrådet. «Løn kvinner/menn» viser den gjennomsnittlege årsløna til kvinnene i prosent av den gjennomsnittlege årsløna til mennene.

Målet med lønspolitikken i Språkrådet er å jamne ut lønsforskjellar som ikkje kan grunngjevast. Det gjeld til dømes lønsforskjellar mellom tilsette i stillingar som har same ansvar og krav til kompetanse, og lønsforskjellar som har historiske eller kjønnsbestemte årsaker. Språkrådet arbeider saman med dei tillitsvalde for å jamne ut slike lønsforskjellar mellom anna i rekrutteringsprosessar og gjennom lokale lønsforhandlingar. Språkrådet vil halde fram arbeidet med å jamne ut eventuelle lønsforskjellar òg i 2022, og leiinga vil inkludere dei tillitsvalde i kartlegginga av lønstilhøva fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid i verksemda.

Tabellen på neste side viser kjønnsfordelinga i prosent av tilsette i mellombelse stillingar, uttak av foreldrepermisjon og deltidsstillingar i Språkrådet.

Ufrivillig deltidsarbeid blir kartlagt i medarbeidar-samtalar gjennom året.

Språkrådet gjennomfører jamlege medarbeidarundersøkingar, der det mellom anna blir kartlagt om tilsette sjølve har vorte utsette for, eller har sett andre bli utsette for, seksuell trakassering på arbeidsplassen.

Språkrådet gjennomfører ein årleg vernerunde for å kartleggje om dei fysiske tilhøva på arbeidsplassen er lagde til rette for dei tilsette. Denne kartlegginga blir gjort i samarbeid med verneombodet, og resultatata blir bruka for å redusere risikoar for diskriminering og hinder for likestilling i verksemda.

På grunn av pandemien har dei tilsette i Språkrådet arbeid heimanfrå det meste av 2021. Etter drøftingar med dei tillitsvalde har Språkrådet gjeve tilsette med ansvar for barn høve til å tilpasse arbeidstida dei dagane barna har vore heime frå barnehagen eller skulen. Dessutan har staten som arbeidsgjevar mellombels oppheva føresegna om kjernetid i særavtalen om fleksibel arbeidstid og såleis lagt til rette for at tilsette kan arbeide når det høver dei best.

Leiinga i Språkrådet er oppteken av at tilsette skal kunne kombinere arbeid og familieliv. Sidan dei fleste tilsette har arbeid på heimekontor i 2021, er det vedteke at møte så langt det er praktisk mogleg skal haldast mellom kl. 9.00 og kl. 15.00.

Språkrådet meiner at dei tiltaka som er sette i verk, har vore med på å fremje likestilling i verksemda, og vil halde fram med likestillingsarbeidet saman med dei tillitsvalde.



### Kjønnsfordeling i prosent av tilsette i mellombelse stillingar med vidare

Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon*		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
9,8	2,4	26	0	9,8	4,9

\* Antal veker

### Kulturelt mangfald

Som det er slått fast i Prop. 108 L (2019–2020), er språk og kultur knytte uløseleg saman. Nynorsk, bokmål, norsk teiknspråk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka er ein grunnleggjande del av kulturen og identiteten til den enkelte språkbrukaren. Språka våre skapar samhald og fellesskap, og språkmangfaldet i Noreg ber kulturarven vår. Summen av gamalt og nytt språkmangfald speglar det kulturelle mangfaldet i landet vårt. Rolla til Språkrådet er å samordne politikkarbeidet på språkfeltet slik at kultur- og samfunnsliv skal vere tilgjengeleg for og femne om innbyggjarar med ulik språkbakgrunn. Arbeid med å styrkje, fremje og verne språkmangfaldet i Noreg legg til rette for at arbeid med kulturelt mangfald på andre område kan lukkast.


Delmål 1 i målstrukturen til Språkrådet for 2021 seier at «innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møte og bruke eige/eigne språk, anten det er nynorsk, bokmål, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani eller romanes, til det beste for den einskilde og samfunnet». Med det har systematisk arbeid for kulturelt mangfald og styrkt status i samfunnet for dei språka vi har eit særleg ansvar for, vore kjerneoppgåver for Språkrådet i rapporteringsperioden.

### Inkluderingsdugnaden

Språkrådet tek del i inkluderingsdugnaden til regjeringa og har laga rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet for å nå måla med dugnaden. I alle tilsetjingsprosessar vurderer vi systematisk korleis vi kan bidra til å nå måla om at fem prosent av nytilsetjingar i staten i perioden er medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. I alle stillingslysingane våre går det fram at ein er velkomen til å søkje same kva kjønn, alder, funksjonsevne og kulturell bakgrunn ein har. I 2021 tilsette Språkrådet seks personar. To av stillingane var faste, og fire var vikariat eller mellombelse stillingar. Ingen av dei kvalifiserte søkjarane til desse stillingane hadde hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne.

Språkrådet har medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og har sett i verk tiltak for å leggje til rette arbeidsplassen. Ingen av medarbeidarane i Språkrådet har minoritetsbakgrunn. Språkrådet er ei relativt lita verksemd, og sidan hovuddelen av stillingane våre er på fagområdet norsk språkvitskap, har det til no vore vanskeleg å finne kandidatar med minoritetsbakgrunn til å fylle ledige stillingar hos oss.





## Språkrådet samordnar politikkarbeidet på språkfeltet slik at kultur- og samfunnsliv skal vere tilgjengeleg for og femne om innbyggjarar med ulik språkbakgrunn.

Vi har i 2021 hatt dialog med Nav St. Hanshaugen om rekruttering av personar som har hamna utanfor arbeidslivet, eller som har nedsett funksjonsevne, og har hatt ein person inne på arbeidsutprøving. Vi vil halde fram med å oppfordre kandidatar i desse gruppene til å søkje ledige stillingar i Språkrådet.

I pandemiåret 2021 har det vore vanskeleg å ta imot praktikantar eller lærlingar. Språkrådet har i 2022 planar om å ta inn studentar til ei praktikantordning innan klarspråksarbeid og kommunikasjon. Fordi Språkrådet har under 100 tilsette, har vi ikkje plikt til å vere lærebedrift. Likevel vurderer vi å søkje om å bli godkjend lærebedrift, slik at vi kan ta inn ein lærling i 2022.

Som arbeidsgjevar er Språkrådet medviten om samfunnsansvaret sitt, og vi vil vidareføre arbeidet med å bidra til eit inkluderande arbeidsliv for alle.

### Personalpolitikk

Språkrådet arbeider kontinuerleg med å sikre rett kompetanse og bemanning til det oppdraget vi har fått. Språkrådet er ei lita statleg verksemd, men har dei same krava til styringssystem og risikoarbeid som store verksemder, og det gjer oss sårbare i effektiviseringsarbeidet. Vi legg derfor stor vekt på å balansere omsynet til at Språkrådet skal ha så låg risiko som råd i den daglege drifta, mot at vi skal bruke så stor del av tildelinga vår som råd på det språkpolitiske kjerneoppdraget.

### FNs berekraftsmål

Språkrådet har identifisert desse berekraftsmåla som kan knytast til arbeidsområda våre:

- **Berekraftsmål nr. 3:** god helse og livskvalitet (helsespråkarbeid)
- **Berekraftsmål nr. 4:** god utdanning (arbeid med språk på skule- og utdanningsfeltet)
- **Berekraftsmål nr. 5:** likestilling mellom kjønna (arbeid med kjønnsbalansert språk)
- **Berekraftsmål nr. 9:** industri, innovasjon og infrastruktur (språkteknologi)
- **Berekraftsmål nr. 16:** fred, rettferd og velfungerande institusjonar (SN – UNGEGN-arbeid)

Språkrådet ser at desse utvalde berekraftsmåla går direkte inn i dei langsiktige måla for Språkrådet.

### Klima- og miljøtiltak

Verksemda vår påverkar i liten grad det ytre miljøet. Språkrådet vurderer miljø- og klimaomsyn i alle aktivitetar der det er relevant. Språkrådet følgjer opp handlingsplanen for miljøleiving. Dei overordna måla er god avfallssortering og -behandling, redusert energibruk og meir vekt på miljøvenleg transport og miljøvenlege innkjøp. Språkrådet arbeider for å halde nede CO<sub>2</sub>-avtrykk i reiseverksemda, og vi har digital møteromsløysing



som alternativ til reising. Språkrådet vedtok i 2021 ein reisepolitikk som skal sikre at verksemda har gode rutinar for å velje reisemåte som mellom anna skal redusere klimaavtrykket ved reiser. Språkrådet har tenester som er landsdekkjande, og i ein normalsituasjon fører dette til ein del reiseverksemd. Under den pågåande pandemien har vi bruka digitale møteplattformer meir, og med det har vi hatt svært lite reiseverksemd dei siste to åra. På nokre område har Språkrådet som mål å vidareføre desse nye måtane å utføre oppdraget sitt på. Konsekvensen er at den delen av Språkrådet sitt CO<sub>2</sub>-avtrykk som kjem av reising, blir redusert.

## Motverking av arbeidslivskriminalitet

Språkrådet er medviten om ansvaret sitt for å velje seriøse og godkjende leverandørar når vi kjøper varer og tenester. Ved større innkjøp i 2021 har Språkrådet hatt formuleringar i konkurransegrunnlaget som skal sikre at leverandørane vi vel, opererer innanfor gjeldande lovverk.

## Digitalisering

### Prosjekt for automatisk innhausting av mållovsdata

Sidan 2017 har Språkrådet samarbeidd med Nasjonalbiblioteket om å få på plass eit verktøy for digital innhausting av data til det arbeidet Språkrådet gjer for å føre tilsyn med målbruken i statsorgana. Føremålet med verktøyet er å forenkle rapporteringa om målbruk i verksemdar som pliktar å veksle mellom bokmål og nynorsk.

Frå årsskiftet 2020/2021 testa vi ei halvautomatisk målbruksrapportering for 2020. Data frå alle .no-domene som høyrer til og blir drifta av statsorgan med rapporteringsplikt etter mållova, vart hausta inn automatisk og analyserte. Slik kan ein måle i kva grad statsorgana oppfyller lovkrava om bruk av nynorsk og bokmål i tekstar på nett. Stortingsdokumenta til kvart departement vart hausta inn og analyserte på same måten. Statsorgana og departementa må sjølve rapportere inn målbruken i sosiale medium og i skjema og digitale tenester via eit Questback-skjema. Arbeidsprosessane både i Språkrådet og i statsorgan og departement er endra og letta med dette digitale verktøyet, og tilbakemeldingane er svært gode. Planen er at verktøyet skal utviklast vidare i 2022 og 2023, slik at prosessane blir enda meir digitaliserte og automatiske.

Les om Målfrid på side 40.

## Vidareutvikling av innhaldet i svarbasen til Språkrådet

Etter vedtektene skal Språkrådet i rimeleg omfang gje råd til allmenta i språkspørsmål. Pågangen har vore aukande frå år til år på heile 2000-talet. For å effektivisere rådgjevingstenesta har Språkrådet i fleire år arbeidd med å leggje så mykje relevant innhald som råd i ein digital svarbase på nettstaden vår, språkrådet.no. Målet med dette arbeidet er at språkrådgevinga vår skal nå stadig fleire, samtidig som vi skal bruke mindre ressursar på individuelle svar. Språkrådet meiner at dette digitaliseringstiltaket tener føremålet, og det syner seg også ved at bruken av svarbasen

har auka mykje samanlikna med andre delar av nettstaden vår. Det har likevel vore ein nedgang i bruken av basen på 5 prosent frå 2020 til 2021, men bruken av nettsidene våre elles har gått ned med 13 prosent. I 2021 var det for første gong på fem år ein nedgang i talet på skriftlege språkspørsmål til Språkrådet. Det var òg i 2021 over 5000 spørsmål, men dette var ein nedgang på 11 prosent frå året før.

### E-læringskurs i stadnamnarbeid og stadnamnlova

Ei av oppgåvene til Språkrådet er å sikre ei samordna og effektiv saksbehandling av stadnamnsaker. Våren 2021 lanserte Språkrådet e-læringskurset «Vegen til stadnamnet – eit kurs i stadnamnarbeid og stadnamnlova». Med dette e-læringskurset kan vi formidle den same kunnskapen til mange på ein effektiv måte, samstundes som kunnskapen er tilgjengeleg for brukarane når dei treng han. Kurset er primært retta mot kommunalt tilsette som arbeider med stadnamnsaker lokalt, men det er ope for alle som vil lære meir om stadnamnarbeid.

### Opne data

Språkrådet eig *Nynorskordboka*, *Bokmålsordboka* og Norsk ordbank saman med Universitetet i Bergen (UiB). Desse ressursane er viktige for utviklinga av språkteknologi på norsk. Språkrådet har sytt for at Norsk ordbank ligg tilgjengeleg som open datakjelde i Språkbanken (CC 0-lisens). Språkrådet og UiB har gjort ordbøkene tilgjengelege for språkteknologisk bruk (CC BY-lisens).

Språkrådets terminologiressurs termwiki er gjort tilgjengeleg for nedlasting. Det same gjeld for Felles omgrepskatalog. Språkrådet har vore ein sentral aktør i utviklinga av denne katalogen.

Språkrådet arbeider for at alle statlege verksemder skal gjere eigne språkdata tilgjengelege for bruk i språkteknologisk arbeid.

### Andre digitaliserings- og effektiviseringstiltak

Språkrådet får levert IKT-tenester frå Nasjonalbiblioteket, og vi følgjer rutineane til Nasjonalbiblioteket på dette området, mellom anna når det gjeld bruk av skytenester (jf. tilrådingar og krav i digitaliseringsrundskrivet). Språkrådet kommuniserer ikkje direkte med innbyggjarane på ein måte som gjer det aktuelt å bruke digital postkasse. Språkrådet brukar elektronisk faktura og elektroniske løysingar frå Altinn til digital dialog med andre offentlege verksemder.

### Personvern

Språkrådet følgjer opp GDPR (personvernforordninga) gjennom ordninga med personvernombod, og det er fastsett rutinar for behandling av personvernspørsmål innanfor dei tidsfristane som regelverket set. Språkrådet og Nasjonalbiblioteket har felles personvernombod. Alle tilsette er informerte om pliktene Språkrådet som verksemd har etter personvernforordninga.



DEL V

# Framtids- utsikter



# Framtidsutsikter

**I 2021 vedtok Stortinget lov om språk (språklova). Skal lova verke, trengst det relevant rådgjeving, effektivt tilsyn og god samordning. Det skal Språkrådet sørge for i åra som kjem. For å få til det treng Språkrådet dei ressursane og den kompetansen som må til for å utføre eit stadig meir komplekst oppdrag.**

Føremålet med språklova er å styrkje norsk språk, slik at det skal kunne brukast på alle samfunnsområde. Lova skal også fremje likestillinga mellom nynorsk og bokmål og sikre vern og status for alle dei språka den norske staten har eit særleg ansvar for. Språket i informasjon frå det offentlege til innbyggjarane i Noreg skal vere klart, korrekt og brukarretta, og det offentlege skal styrkje språk-mangfaldet i landet vårt ved å synleggjere og bruke dei ulike språka og ved å sikre dei språklege rettane til kvar og ein.

Alle sektorar har ansvar for å gjennomføre språkpolitikken. Meldingsdelen av språklovsproposisjonen som Kulturdepartementet la fram for Stortinget i 2020 (Prop. 108 L 2019–2020), inneheld framlegg til konkrete tiltak som sektorane skal gjennomføre. Tiltaka i proposisjonen kan nemleg ikkje gjennomførast av kultursektoren aleine. Dei er heller ikkje tidsavgrensa, og dei kan ikkje gjennomførast som eit spesialprosjekt.

Språklova og den offisielle språkpolitikken elles krev høg prioritering av språktiltak, språkrutinar og oppfølgingsplanar i alle delar av offentleg sektor. Det må vere skikkeleg systematikk i språkarbeidet. Kwart departement må derfor setje relevante krav til alle dei underliggjande verksemdene og følgje dei tett opp.

## Språkteknologi: Kven skal styre språkutviklinga?

Skal framtida for språka i Noreg tryggjast, må det utviklast relevante språkteknologiske grunnlagsressursar jamt og trutt. Dessutan må det offentlege setje tydelege språkkrav ved alle innkjøp av teknologiprodukt med språkmodular: Språkteknologiprodukta må oppfylle gjeldande kvalitetskrav, og det må finnast produkt for dei språka Noreg har eit lovpålagt ansvar for å styrkje og utvikle eller verne og fremje.

Dei internasjonale teknologigigantane som leverer produkt til bruk i skule og offentleg sektor, har til no ikkje prioritert utvikling av språkteknologi for dei mindre bruka språka. Det må vere eit mål å få krav til språk inn i settet av krav til universell utforming. I mellomtida må det gjelde krav for offentlege verksemdar til at digitale verktøy og produkt som det offentlege kjøper inn, skal innehalde relevant språkstøtte.

## Språkleg infrastruktur

Med den nye språklova har Språkrådet fått status som forvaltningsorgan. Oppgåvene til Språkrådet er å følgje opp relevante lovverk (lov om språk, lov om stadnamn), samordne oppfølginga av den norske språkpolitikken, forvalte dei to skriftspråksnormene for norsk og gje relevante råd og



retteiing til alle offentlege organ som skal ta del i arbeidet med å gjennomføre den norske språkpolitikken. Språkrådet skal òg i rimeleg omfang gje råd og retteiing til allmenta.

Språkrådet har gjennom fleire år peika på at det trengst eit stabilt forskings- og utviklingsmiljø for norsk språk, eit fagmiljø som kan sikre den språklege infrastrukturen som Noreg treng. Utan eit fagmiljø som kan levere oppdatert språkleg infrastruktur (ordbøker, grammatikkar, termsamlingar og andre grunnleggjande språkverktøy) og utdanne spesialistar i norsk språk (terminologar, stadnamnforskarar, leksikografar osv.), blir det umogleg for Språkrådet å utføre forvaltningsopdraget.

Det trengst stabil forskning og utdanning på område som norsk grammatikk, språkhistorie, dialektologi og språkpolitikk, og det trengst forskning, utdanning og utvikling av kunnskapsressursar innanfor leksikografi, terminologi og stadnamn. Mange av desse små humaniorafaga har ei usikker framtid. No har vi fått ny språklov og ein ambisiøs, sektorovergripande språkpolitikk. Det hastar meir enn nokon gong å få på plass eit nasjonalt forskings- og utdanningscenter for norsk språk og dei andre språka som lova omfattar.

## Framtidsutsiktene for norsk språk

Norsk er eit relativt stort språk i verda, og det har betre livsvilkår enn mange andre språk. Men til liks med mange andre språk er norsk under press frå engelsk som det mest dominerande språket i verda. No blir det for første gong slått fast i lovs form at norsk er nasjonalt hovudspråk i Noreg. Statusen til norsk språk må sikrast, og norsk må brukast meir på dei samfunnsområda der språket er mest utsett. Det gjeld særleg sektoren for høgare utdanning, kultur- og mediesektoren og delar av næringslivet. I åra som kjem, må vi setje klare krav til dei delane av offentlig sektor som er mest utsette for press frå engelsk. Dei som nedprioriterer språkarbeidet og ikkje respekterer dei språklege rettane og interessene til innbyggjarane, må få tydelege signal om at slikt ikkje kan akseptast.

Skal Noreg nå måla i språkpolitikken, må Språkrådet som strategisk og samordnande organ ha naudsynt autoritet i alle delar av offentlig sektor. Rådet må få tilført fleire ressursar og kapasitet til å drive relevant rådgjevingarbeid og til å følgje opp viktige tilsyns- og samordningsoppgåver. Dessutan må alle delar av offentlig sektor lytte til dei språklege råda og følgje dei pålegga dei får.

# Årsrekneskap 2021

## Kommentarer frå leiinga

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet arbeider med å styrkje det norske språket og språkmangfaldet i Noreg og har ansvar for å følgje opp språka norsk (nynorsk og bokmål), norsk teiknspråk, kvensk, romanes og romani. Rekneskapen er ført etter kontantprinsippet og er gjeven i samsvar med retningslinjene for økonomistyring i staten, rundskriv R-155 frå Finansdepartementet og instruks om økonomi- og verksemdsstyring frå Kultur- og likestillingsdepartementet.



## Stadfesting

Med dette blir det stadfesta at årsrekneskapen er avlagd i samsvar med gjeldande reglar for økonomistyring og med dei krava som er fastsette frå overordna departement. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av løyvingane Språkrådet har hatt til disposisjon i rekneskapsåret, både av inntekter og utgifter. Språkrådet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Språkrådet har ein intern økonomiinstruks som er fastsett av styret, og som baserer seg på økonomiregelverket i staten og på instruksen om økonomi og verksemdsstyring for Språkrådet frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Etter denne instruksen har direktøren ansvaret for at dei økonomiske ressursane i verksemda blir disponerte i samsvar med føresetnadene og i samsvar med gjeldande regelverk for økonomistyring i staten. Styret i Språkrådet har overordna ansvar for at økonomireglementet og instruksen frå Kultur- og likestillingsdepartementet blir følgde opp, og at budsjetttrammene blir haldne.

Språkrådet utarbeider ein årleg disposisjonsplan i tråd med føringane, som saman med interne budsjettdisponeringsfullmakter styrer korleis budsjettmidlane blir disponerte i organisasjonen.

## Vurdering av vesentlege forhold

Budsjetttramma for 2021 var kr 45 053 000 (jf. kap. 326 – post 01). Språkrådet hadde for 2021 eit inntektskrav på kr 64 000 (jf. kap. 3326 – post 01). Rekneskapen for 2021 viser ei mindreutgift på kr 2 194 596 på utgiftssida, og ei meirinntekt på kr 267 048 på inntektssida. Total mindreutgift for året vart kr 2 461 644, som vi søker om å få overført til 2022, jf. note B. Mindreforbruket kjem mellom anna av eit noko høgt sjukefråvær med tilsvarande store lønsrefusjonar frå Nav, i tillegg til at koronapandemien og den delvise nedstenginga av samfunnet i 2021 gjorde at nokre av dei planlagde

aktivitetane for året måtte utsetjast til 2022. Den forseinka tilpassinga av dei nye kontorlokala i Observatoriegata 1 B førte vidare til at utgifter knytt til tilpassing og innkjøp av kontormøblement og teknisk utstyr vart skuva til 2022. Meirinntekta for året kjem mellom anna av at Språkrådet fekk kr 150 000 i tilskot til kompetansehevingstiltak frå Kommunal- og distriktsdepartementet, kr 75 000 i EU-midlar for å rapportere om tilhøva for norsk språkteknologi og kr 101 000 i billettinntekt og tilskot i samband med det nordiske språkmøtet som vart arrangert hausten 2021.

Språkrådet hadde i 2021 tilskotsforvaltning på kr 36 445 000 (jf. kap. 326 – post 73). Av dette gjekk kr 34 950 000 til språkorganisasjonar, kr 1 395 000 til tilskotsordninga for innsamling av stadnamn og kr 100 000 til Årets nynorskkommune etter tildelinga i statsbudsjettet for 2021. Det vart for 2021 løyvd kr 5 800 000 til revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (jf. kap. 326 – post 75). Språkrådet hadde ansvar for å utbetale midlane til Universitetet i Bergen. Med unntak av kr 2 700 til innsamling av stadnamn vart alle tilskotsmidlane utbetalte.

## Vurdering av vesentlege opplysningar

Som statleg verksemd får Språkrådet revisjon gjennomført av Riksrevisjonen. Årsrapport og årsrekneskap for verksemda blir publiserte på nettsidene til Språkrådet etter at etatsstyringsdialogen om dokumenta er avslutta. Revisjonsrapporten frå Riksrevisjonen blir òg publisert når dokumentet blir offentleg tilgjengeleg, i tråd med tilrådingane frå DFØ.

Oslo, 15. mars 2022



Åse Wetås  
direktør



Erik Ulfsby  
styreleiar

## Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Språkrådet er utarbeidd og avlagd med utgangspunkt i retningslinjene Finansdepartementet har om økonomistyring i staten, heretter kalla «retningslinjene». Årsrekneskapen med notar er utarbeidd og avlagd i tråd med punkt 3.4.1 i retningslinjene, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyving- og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i retningslinjene – grunnleggjande prinsipp for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret (eittårsprinsippet).
- b) Rekneskapen inneheld alle utgifter og inntekter for rekneskapsåret (heilskapsprinsippet).
- c) Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp (bruttoprinsippet).

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i samsvar med punkt 3.5 i retningslinjene, der det står korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen.

Språkrådet er etter punkt 3.7.1 i retningslinjene knytt til konsernkontoordninga for staten i Noregs Bank. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har rett til trekk på konsernkontoen i staten. Ved overgang til nytt rekneskapsår blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

## Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa inneheld ein øvre del som viser bruk av løyvinga, og ein nedre del som viser den behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser dei rekneskapstala som Språkrådet har rapportert til statsrekneskapen. Rapporten er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingerekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og plikter som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen i staten.

## Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som går inn i mellomrekneskapen (mellomvære) med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som Språkrådet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Språkrådet har rett til trekk på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

## Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2021

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindreutgift
0326	Språk- og bibliotekføremål	01	Driftsutgifter	A, B	45 053 000	42 858 404	2 194 596
0326	Språk- og bibliotekføremål	73	Tilskotsforvaltning	A	36 445 000	36 442 300	2 700
0326	Språk- og bibliotekføremål	75	Tilskot til ordbokarbeid	A	5 800 000	5 800 000	0
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten		0	1 468 558	
<i>Sum utgiftsført</i>					87 298 000	86 569 262	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla løyving	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindreutgift
3326	Språk- og bibliotekføremål	01	Ymse inntekter		64 000	331 048	267 048
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	52 251	
5700	Folketrygdas inntekter	72	Arbeidsgjevaravgift		0	3 997 160	
<i>Sum inntektsført</i>					64 000	4 380 459	

*Netto rapportert til løyingsrekneskapen***Kapitalkontoar**

60057501	Noregs Bank KK / innbetalingar					2 685 440	
60057502	Noregs Bank KK/ utbetalingar					-84 665 954	
703814	Endring i mellomvære med statskassa					-208 289	
<i>Sum rapportert</i>						0	
<b>Behaldning rapportert til kapitalrekneskapen (31.12.21)</b>					<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>Endring</b>
703814	Mellomvære med statskassa				-1 390 572	-1 182 283	-208 289

**Note A****Forklaring av samla løyving utgifter**

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar 2021	Samla tildeling
32601 Driftsutgifter	642 000	44 411 000	45 053 000
32673 Tilskotsforvaltning	0	36 445 000	36 445 000
32675 Tilskot til ordbokarbeid	0	5 800 000	5 800 000

**Note B****Forklaring til bruka fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre i tråd med gjevne belastningsfullmakter (-)	Meirutgift(-)/ mindreutgift etter gjevne belastningsfullmakter	Meirinntekt / mindreinntekt (-) i tråd med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparing (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp som kan overførast	Beløp som kan overførast, utrekna av verksemda
0326301/332601	Kan overførast	2 194 596		2 194 596	267 048			2 461 644	2 220 550	2 220 550

## Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2021

	Note	2021	2020
<b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	225 343	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	105 705	57 796
Andre innbetalningar	1	0	0
<b>Sum innbetalningar frå drift</b>		<b>331 048</b>	<b>57 796</b>
<b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen</b>			
Utbetalningar til løn	2	32 562 456	29 854 970
Andre utbetalningar til drift	3	10 294 776	10 662 201
<b>Sum utbetalningar til drift</b>		<b>42 857 232</b>	<b>40 517 171</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>42 526 185</b>	<b>40 459 375</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<b>Sum investerings- og finansinntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar		0	0
Utbetaling til kjøp av aksjar		0	0
Utbetaling til finansutgifter	4	1 171	2 107
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>1 171</b>	<b>2 107</b>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>1 171</b>	<b>2 107</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	5	3 375	0
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>		<b>3 375</b>	<b>0</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Utbetalningar av tilskot og stønader	6	42 242 300	37 810 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		<b>42 242 300</b>	<b>37 810 000</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		48 876	43 500
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		3 997 160	3 637 932
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		1 468 558	1 448 732
<b>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</b>		<b>-2 577 478</b>	<b>-2 232 700</b>
<b>Netto rapportert til løyvingerekneskapen</b>		<b>82 188 803</b>	<b>76 038 782</b>

Oversikt over mellomvære med statskassa			
Eigedelar og gjeld	Note	2021	2020
Krav på tilsette		0	0
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-1 372 256	-1 178 684
Skyldige offentlege avgifter		-18 316	-2 397
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		0	0
Mottekne forskotsbetalingar		0	0
Løn (negativ netto, for mykje utbetalt løn m.m.)		0	-1 202
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar		0	0
<b>Sum mellomvære med statskassa</b>	<b>7</b>	<b>-1 390 572</b>	<b>-1 182 283</b>

Note 1 Innbetalingar frå drift		
	31.12.2021	31.12.2020
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
<b>Sum innbetalingar frå gebyr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalingar frå tilskot og overføringar</i>		
Andre tilskot og overføringar	225 343	0
<b>Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar</b>	<b>225 343</b>	<b>0</b>
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Tilfeldige inntekter (post 01, 02)	105 705	57 796
<b>Sum sals- og leigeinnbetalingar</b>	<b>105 705</b>	<b>57 796</b>
<i>Andre innbetalingar</i>		
<b>Sum andre innbetalingar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>331 048</b>	<b>57 796</b>

Note 2 Utbetalingar til løn		
	31.12.2021	31.12.2020
Løn	25 631 497	22 772 602
Arbeidsgjevaravgift	3 997 160	3 637 932
Pensjonsutgifter <sup>1)</sup>	2 990 891	2 688 876
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-1 778 341	-893 083
Andre ytingar <sup>2)</sup>	1 721 249	1 648 643
<b>Sum utbetalingar til løn</b>	<b>32 562 456</b>	<b>29 854 970</b>
<b>Antal utførte årsverk:</b>	<b>34,23</b>	<b>32,29</b>

<sup>1)</sup> Pensjonsutgifter blir kostnadsførte i resultatrekneskapskapen basert på faktisk påkommen premie for rekneskapsåret. Premiesats for både 2021 og 2020 var 12 prosent.

<sup>2)</sup> Posten Andre ytingar inkluderer mellom anna velferdstiltak for tilsette, honorar til styremedlemmer og medlemmer av fagråda og utbetalte mastergradsstipend.

<b>Note 3 Andre utbetalinger til drift</b>		
	<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>
Husleige	2 729 714	2 816 796
Vedlikehold av egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	0	13 541
Andre utgifter til drift av egedom og lokale	131 038	175 144
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	0
Mindre utstyrskjøp	118 816	112 588
Leige av maskiner, inventar og liknande	0	0
Kjøp av konsulenttenester	1 746 962	2 005 823
Kjøp av andre framande tenester <sup>3)</sup>	3 334 062	3 388 152
Reiser og diett	138 569	310 045
Øvrige driftsutgifter <sup>4)</sup>	2 095 614	1 840 112
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>10 294 776</b>	<b>10 662 201</b>

<sup>3)</sup> Kjøp av andre framande tenester inkluderer mellom anna utgifter til drift av IKT, til Språkdagen og til informasjon om språklova.

<sup>4)</sup> Øvrige driftsutgifter inkluderer mellom anna utgifter til trykksaker, porto, kurs, seminar og arrangement.

<b>Note 4 Finansinntekter og finansutgifter</b>		
	<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>31.12.2021</b>		
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 171	2 107
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>1 171</b>	<b>2 107</b>

**Note 5 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten**

	31.12.2021	31.12.2020
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	3 375	0
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>3 375</b>	<b>0</b>

**Note 6 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten**

	31.12.2021	31.12.2020
Tilskot til kommunar	430 000	100 000
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	5 940 000	5 500 000
Tilskot til hushaldningar	97 000	0
Tilskot til ideelle organisasjonar	35 775 300	32 210 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>42 242 300</b>	<b>37 810 000</b>

**Note 7 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa**

	31.12.2021	31.12.2021	
Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
Kundekrav	0	0	0
Andre krav	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-139 379	0	-139 379
Skyldig skattetrekk	-1 372 256	-1 372 256	0
Skyldige offentlege avgifter	-18 316	-18 316	0
Anna kortsiktig gjeld	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>-1 529 951</b>	<b>-1 390 572</b>	<b>-139 379</b>
<b>Sum</b>	<b>-1 529 951</b>	<b>-1 390 572</b>	<b>-139 379</b>







Med den nye språklova får Språkrådet nye oppgåver, slik vi også fekk med den nye stadnamnlova som kom i 2019. Språkrådet treng i åra som kjem, ei langsiktig styrking for å kunne utføre dei mange og viktige forvaltningsoppgåvene på språkfeltet.

# Ti på topp: årets ord 2021

Språkrådet kårar dei ti mest interessante nyorda kvart år. Viktige kriterium for kåringa er at orda skal vere aktuelle, mykje bruka og levedyktige, og dei skal ha god språkleg kvalitet. Dette er lista over årets ord 2021, med *sportsvaske* på topp.

- 1 sportsvaske
- 2 mikromobilitet
- 3 arealnøytral
- 4 TISK
- 5 antivaksar/antivakser
- 6 halvleiar/halvleder
- 7 sysselmeister/sysselmester
- 8 mutantvirus
- 9 hamnespy/havnespy
- 10 biogen



Årets ord  
2021 var  
**sportsvaske**



Skal det norske språkmangfaldet leve vidare og styrkjast i samsvar med den vedtekne språkpolitikken, trengst det effektivt tilsyn, fagleg rådgjeving og god samordning mellom aktørane på språkfeltet. Språkrådet vil, kan og skal bidra til at dette arbeidet lukkast.



## språklov.no

Lov om språk (språklova) tok til å gjelde 1. januar 2022.  
Lova gjev rettar til alle brukarar av norsk og dei andre  
språka som Noreg har eit særleg ansvar for.  
Offentlege organ får plikter.

På språklov.no gjev Språkrådet rettleiing til alle som har plikter etter lova.  
Kva gjeld for deg som er statstilsett? Eller for deg som arbeider  
i kommunen eller fylkeskommunen?

**Har du plikter? Og rettar?**

**Finn det ut på [språklov.no](https://spraklov.no).**



SPRÅKRÅDET  
Org. nr.: 971527404

## Riksrevisjonens beretning

### **Konklusjon**

Riksrevisjonen har revidert Språkrådet årsregnskapsoppstillinger for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2021. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 82,1 millioner kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening:

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav, og
- årsregnskapsoppstillingene gir et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2021 og kapitalposter per 31. desember 2021, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### **Øvrig informasjon i årsrapporten**

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarene (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige

informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

### ***Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapsoppstillingene***

Ledelsen og styret er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapsoppstillingene som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen og styret er også ansvarlige for slik intern kontroll som de finner nødvendig for å kunne utarbeide årsregnskapsoppstillingene som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

### ***Riksrevisjonens oppgaver og plikter***

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar basert på årsregnskapsoppstillingene.

Som en del av revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Vi kommuniserer med ledelsen og styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

## **Uttalelse om øvrige forhold**

### ***Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring***

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapsoppstillingene som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapsoppstillingene og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 06.05.2022

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Stein Jahren  
avdelingsdirektør

*Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt*